




HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Skulebruksplan 2017-2030

Skule- og tilbodsstruktur for framtida – høyringsforslag
Rullering av skulebruksplanen 2012-2025

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn og formål	5
1.2	Politiske vedtak	6
1.3	Struktur i høyringsforslaget	6
1.4	Samandrag	6
1.5	Kva er gjort dei siste åra	7
2	Status skuleåret 2015 – 2016	10
2.1	Regionsenter i Hordaland med omlandskommunar	10
2.2	Dei fylkeskommunale skulane	11
2.3	Private skular	13
2.4	Tilbudsstruktur skuleåret 2015/2016	14
2.5	Fagtilbod på skulane	15
3	Elevtalsutvikling	16
3.1	Prognose for utvikling av folketal i Hordaland fylke	16
3.2	Prognose for i aldersgruppa 16-18 år	17
3.3	Elevtalsprognose for regionane	18
3.3.1	Elevtalsprognose for region Nordhordland	18
3.3.2	Elevtalsprognose for Arna region	18
3.3.3	Elevtalsprognose for region Bergen-Nord	19
3.3.4	Elevtalsprognose for region Bergen-Sentrum	19
3.3.5	Elevtalsprognose for region Bergen-Sør	19
3.3.6	Elevtalsprognose for region Bergen-Vest	20
3.3.7	Elevtalsprognose for region Askøy	20
3.3.8	Elevtalsprognose for region Sotra	20
3.3.9	Elevtalsprognose for region Os-Fusa	21
3.3.10	Elevtalsprognose for region Sunnhordland	21
3.3.11	Elevtalsprognose for region Kvinnherad	21
3.3.12	Elevtalsprognose for region Odda	22
3.3.13	Elevtalsprognose for region Kvam	22
3.3.14	Elevtalsprognose for region Voss	22
3.3.15	Elevtalsprognose for region Etne - Sveio	23
4	Andre fylkeskommunale utdanningstilbod	24
4.1	Vaksenopplæring	24
4.2	Opplæring innan kriminalomsorga	26
4.3	Produksjonskule	26
4.4	Fagskule	26
4.5	Manger folkehøgskule	27

5	Kriterier for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring	28
5.1	Innleiing	28
5.2	Lokalisering, regionsentra	28
5.3	Reisetid og avstand	29
5.4	Skulestorleik, fagtilbod og fagmiljø	30
5.4.1	Skulestorleik	30
5.4.2	Fagmiljø	32
5.4.3	Fagtilbod	32
5.5	Økonomi	32
6	Skule- og tilbodsstruktur for framtida	34
6.1	Innleiing	34
6.1.1	Framtidig skulestruktur, skulestadar	34
6.2	Alternativ 0, referansealternativ	35
6.3	Alternativ 1, revidert skulestruktur	36
6.3.1	Region Nordhordland	38
6.3.2	Arna region	40
6.3.3	Region Bergen Nord (Åsane bydel)	41
6.3.4	Region Bergen Sentrum	42
6.3.5	Region Bergen-Sør	44
6.3.6	Region Bergen-Vest	45
6.3.7	Region Askøy	47
6.3.8	Region Sotra	48
6.3.9	Region Os/Fusa	49
6.3.10	Region Sunnhordland	50
6.3.11	Region Etne/Sveio/Vindafjord	53
6.3.12	Region Odda	54
6.3.13	Region Kvinnherad	55
6.3.14	Region Kvam	56
6.3.15	Region Voss	57
6.4	Struktur for fagtilbod med alternativ 1	58
6.4.1	Bygg og anlegg (BA)	58
6.4.2	Design og handverk (DH)	59
6.4.3	Elektrofag (EL)	59
6.4.4	Helse og oppvekstfag (HO)	59
6.4.5	Naturbruk (NA)	59
6.4.6	Restaurant og matfag (RM)	59
6.4.7	Service og samferdsel (SS)	59
6.4.8	Teknikk og industriell produksjon (TIP)	60
6.4.9	Påbygg (PB)	60
6.4.10	Medier og kommunikasjon (MK)	60
6.4.11	Musikk, dans og drama (MD)	60

6.4.12	Idrettsfag (ID)	60
6.4.13	Kunst, design og arkitektur (KDA)	61
6.4.14	Studiespesialisering (ST)	61
6.4.15	Grupper for særskild tilrettelagt opplæring (TO)	61
6.4.16	Innføringsklasser for minoritetsspråklege (AO)	61
6.4.17	Vaksenopplæringa (VO)	61
6.5	Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring	63
7	Kostnader	64
7.1	Investeringskostnadar og gjennomføringstidspunkt	64
7.2	Skuledrift	65
7.2.1	Føresetnadar ved estimat på driftsøkonomi	66
7.2.2	Effektiviseringsgevinst	66
8	Gjennomføring	68
	Vedlegg	70

1

Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål

I framlegg til verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune er det ei hovudmålsetting at Hordaland fylkeskommune skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår. I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal Hordaland fylkeskommune levere effektive tenester, framtidsretta infrastruktur og rette kompetanse til innbyggjarane i fylket. Vi skal prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester i fylket. Samstundes skal vi styrke økonomien til fylkeskommunen for å sikre gjennomføringsevne og berekraft.

For opplæringssektoren er dei overordna måla relatert til skulestruktur ved målsettingane om at opplæringssektoren skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Vidare skal opplæringssektoren utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som svarar på behova i arbeids- og næringsliv. Strategiane for å nå måla er å styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering og å byggje ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling.

Hordaland fylkeskommune er i ein økonomisk situasjon der det er naudsynt å få ned gjeldsgraden gjennom auka betaling av avdrag. Opplæringssektoren må vere med å bidra ved å redusere sine driftskostnader. Bidraget frå opplæringssektoren må ikkje resultere i ei generell utarming av undervisningstilbodet i fylket. Ved å gjennomføre strukturelle endringar kan sektoren redusere driftskostnadene ved å avhenda overflødig bygningsmasse og utnytte eksisterande skulebygg betre. Dette vil gje sektoren større økonomisk handlefridom og betre rom får å arbeide aktivt for at fleire gjennomfører utdanninga si på normert tid, at færre skiftar utdanningsprogram og at fråfallet blir redusert.

Gjennom skulebruksplanen får vi eit sterkare grep om skule- og tilbodsstrukturen. Ved å samle fagmiljøa på færre einingar vert fagmiljøa robuste og kan lettare tilpasse seg til behova i næringslivet og i samfunnet generelt i åra framover.

Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa skal vurdere skulestrukturen fram mot år 2030 og leggje til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

Utgangspunktet for rulleringa er gjeldande Skulebruksplan og dei vedtaka for skulestruktur som vart gjort ved handsaminga i 2012 og 2013 i tillegg til nye vedtak som har hatt verknad på strukturen etter dette.

Hovudmålet i arbeidet har vore å utarbeide eit rullert forslag til skulestruktur i 2030. For å sikre eit breitt skuletilbod i heile fylket har Hordaland fylkeskommune sin regionsenterstruktur gitt hovudretninga for skulestrukturen i 2030. I tilnærminga er det lagt vekt på at det er ein vidaregåande skule i alle regionsenter, og at dei fleste elevane får ei akseptabel reisetid. Skulane er søkt lokalisert slik at færrest mogleg elevar får ei reisetid på over 1 time til eit offentleg skuletilbod.

1.2 Politiske vedtak

Skule- og tilbodsstrukturen i Hordaland er vedteken politisk av fylkestinget. I Skulebruksplan 2012-2025 er dei politisk dokument som ligg til grunn for planen lista opp. For ei oversikt over vedtak som er kome til i ettertid vert det vist til kartleggingsrapport SBP 2016 (vedlegg 1).

1.3 Struktur i høyringsforslaget

Kapittel 1 legg rammene for rulleringa av skulebruksplanen. I første del av kapitelet vert planprosessen summert opp. Deretter vert det gitt ei oversikt over kva store tiltak som har vore gjennomført på skuleanlegga dei siste fire åra.

Kapittel 2 tek føre seg no-situasjonen med gjennomgang av dagens struktur.

Kapittel 3 gjev eit blick framover i tid. Her vert folketals- og elevtalsutvikling for planperioden 2015-2030 presentert.

Kapittel 4 omhandlar andre fylkeskommunale utdanningstilbod enn det ordinære tilbodet ved dei vidaregåande skulane.

Kapittel 5 omtalar dei politisk forankra kriteria som er lagt til grunn for vurdering av skule- og tilbodsstrukturen og utarbeidinga av framlegg til alternative skule- og tilbodsstrukturar.

Kapittel 6 presenterer alternativ skule- og tilbodsstruktur for framtida. Første del av kapittelet tek føre seg referansealternativet (alternativ 0) som er basert på gjeldande vedtak for skulestruktur etter Fylkestingets handsaming av skulebruksplanen i 2012. Deretter vert forslag til rullert struktur presentert og kommentert for den enkelte region, skule og utdanningsprogram.

Kapittel 7 gjev grove overordna kostnadsanslag for driftsutgifter og investering i alternativet for rullert skulestruktur.

Kapittel 8 omhandlar prioritering av føreslåtte tiltak i høve til rekkefølge og tidsperspektiv for gjennomføring.

1.4 Samandrag

Utgangspunktet for denne rulleringa er gjeldande Skulebruksplan og dei vedtaka for skulestruktur som vart gjort ved handsaminga i 2012 og 2013, samt nye vedtak som har hatt verknad på strukturen etter dette.

Følgjande skular er føreslått nedlagt/slått saman:

- Austrheim vgs vert lagt ned. Tilboda vert flytta til Knarvik vgs.
- Bergen maritime vgs: Det vidaregåande utdanningstilbodet vert lagt ned. Programfaga bør førast vidare på annan skule.
- Rubbestadnes vgs og Fitjar vgs vert lagt ned. Tilboda vert flytta til Stord vgs
- Etne vgs vert lagt ned. Samarbeid med Rogaland fylke vert vidareført. Prosess for vurdering av mogleg felles framtidig skule for kommunane Vindafjord og Etne vert vidareført.
- Hjeltnes vgs vert lagt ned. Tilbodet vert flytta til Voss vgs.

Andre større endringar:

- Ved Laksevåg vgs vert utdanningstilbodet redusert ved at dei studieførebuande faga vert flytta.

Tabellen viser kor mange elevplassar det vil bli i kvar region med alternativ 0 (struktur etter gjeldande vedtak 2025). Samanlikna med elevtalet i dag er alternativ 0 ei satsing på yrkesfag ved at talet på plassar

ved mellom anna utdannings-programma BA og HO vert auka. Den samla kapasiteten i alternativ 0 er overdimensjonert med ca 1980 plassar samanlikna med prognostisert elevtal i offentleg skule.

ALTERNATIV 0 REGION	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diif. plassar prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	1 300	-	48	105	75	105	150	-	-	-	165	60	-	-	-	-	430	1 138	-162
ARNA REGION	980	-	12	60	30	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	552	-428
BERGEN NORD	1 330	50	60	75	-	90	195	-	75	105	150	90	-	-	180	-	735	1 805	475
BERGEN SENTRUM	1 460	100	80	-	165	270	360	-	60	135	390	120	90	-	-	90	1 548	3 408	1 948
BERGEN SØR	3 500	50	118	135	90	135	330	165	90	90	210	90	180	180	-	1 505	3 548	48	
BERGEN VEST	2 000	-	78	105	75	45	225	-	-	-	120	90	90	180	-	90	810	1 908	-92
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	425	843	-237
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	360	932	-418
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	-	-	-	-	90	345	1 261	161
SUNNHORDL.	1 500	50	62	60	30	225	210	-	30	60	150	90	90	90	-	-	630	1 867	367
ODDA/KVINH.	780	20	16	60	-	60	90	-	30	-	90	30	-	-	-	-	315	711	-69
KVAM	290	10	12	30	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	135	277	-13
VOSS	610	20	16	45	45	30	60	165	30	30	75	45	-	45	135	90	180	1 011	401
Etne - Sveio	95	-	-	-	30	-	-	-	-	-	30	20	-	-	-	10	-	90	-5
Sum	17 375	300	578	945	585	1 230	2 160	360	405	540	1 935	635	540	495	685	360	7 598	19 351	1 976

Tabellen under viser kor mange studie plassar det vil bli i kvar region med alternativ 1 (rullert struktur 2030). Den yrkesfaglege profilen frå alternativ 0 er søkt vidareført i dette alternativet. Den samla kapasiteten i alternativ 1 er overdimensjonert med ca 760 plassar samanlikna med prognostisert elevtal i offentleg skule.

Alternativ 1 Region	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diif. plassar - prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	1 300	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	60	-	-	-	-	360	963	-337
ARNA REGION	980	-	20	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	530	-450
BERGEN NORD	1 330	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	1 625	295
BERGEN SENTRUM	1 460	100	82	-	165	105	360	-	-	135	150	120	90	-	-	90	1 548	2 945	1 485
BERGEN SØR	3 500	50	130	135	-	135	330	165	165	90	210	90	180	180	-	1 560	3 600	100	
BERGEN VEST	2 000	-	108	105	-	45	225	-	-	-	120	-	-	180	-	90	720	1 593	-407
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	958	-122
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	540	1 112	-238
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	-	-	-	-	90	360	1 276	176
SUNNHORDL.	1 500	35	62	60	30	150	210	-	30	45	120	60	90	90	90	-	540	1 612	112
ODDA/KVINH.	780	20	28	60	-	60	90	-	-	-	90	30	-	-	-	-	315	693	-87
KVAM	290	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	135	247	-43
VOSS	610	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	985	375
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-95
Sum	17 375	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 545	495	450	495	675	360	7 608	18 139	764

Økonomiske konsekvensar:

Totalt legg planen opp til ei samla investering i skulebygg på i underkant av 3,9 milliardar kr fram mot 2030. Dette representerer ein reduksjon i årlege investeringar i skulesektoren på om lag 20 % samanlikna med dei siste 5 åra. Gitt at alle framlegg til endringar vert realisert, er potensiell årleg reduksjon i driftskostnadar estimert til 125,5 mill. kr.

1.5 Kva er gjort dei siste åra

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen blir følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen.

Gjennomføring av tiltaka skjer i linja. Under følgjer ei oversikt over dei viktigaste tiltaka som er gjennomført eller starta opp sidan 2012. For ein meir detaljert gjennomgang sjå vedlegg 1 «Kartleggingsrapport skule- og tilbudsstruktur 2016».

Følgjande store tiltak og byggeprosjekt har vore utført sidan 2013 :

År	Skule	Type tiltak
2013	Slåtthaug vgs	Ny bygghall
2014	Amalie skram vgs	Nybygg
2014	Hyssingen produksjonsskule	Nybygg (leigebygg)

2015	Bergen tekniske fagskole – Nordnes	Flytta til rehabilitert bygg
2015	Bergen Katedralskole avdeling for vaksenopplæring	Rehabilitering
2015	Bergen Maritime vgs og fagskole	Oppgraderte tekniske installasjonar
2015	Årstad vgs	Bygg B rehabilitert og nytt mellombygg mot bygg A
2015	Stend vgs	Rehabilitering jenteinternat, oppgraderte tekniske installasjonar, nytt fjernvarmeanlegg og UU-tiltak
2015	Austevoll	Bygningsmessig rehabilitering og oppgradering teknisk anlegg – gamle delen av skolebygget
2014	Os Gymnas	Bygningsmessig rehabilitering og oppgradering teknisk anlegg
2014	Os vgs	Bygningsmessig rehabilitering og oppgradering teknisk anlegg – deler av bygget
2014	Askøy vgs	Nye ventilasjonsaggregat og nytt auditorium
2016	Arna vgs	Nye ventilasjonsaggregat
2015	Fyllingsdalen	Nye ventilasjonsaggregat
2015	Nordahl Grieg vgs	Etablering av nye klasserom

Større byggeprosjekt som er i gong:

År	Skule	Type tiltak
2016	Årstad vgs	Total rehabilitering av A- og B- bygget samt nytt mellombygg
2016	Os vgs	Ny sveise- og hydraulikkhall
2016	Norheimsund, Øystese, Stord	UU tiltak
2016	Olsvikåsen vgs	Nytt treningsrom
2016	Voss vgs	Nybygg
2016	Stend vgs	Tidlegare dyreklinikk skal gjerast om til garderobar, vaskeri, etc.
2016	Osterøy vgs	Nye areal TIP
2018	Voss gymnas	Nybygg
2018	Bergen katedralskole	Rehabilitering av hovudbygg og nytt tilbygg
2018	Tertnes vgs	Romprogram vedtatt
2018	Odda vgs	Rehabilitering av yrkesfagbygget
2020	Nye Åsane vgs	Romprogram vert lagt fram juni 2016

Nedlagte skular:

År	Skule	Merknad
2014	Bjergvin vgs	Tilbodet overført til Amalie Skram, Årstad og Åsane vgs
2014	Tanks vgs	Tilbodet overført til Amalie Skram vgs
2014	Bergen handelsgymnasium	Tilbodet overført til Amalie Skram vgs.

2016/ 2018	Voss vgs, Rogne vgs, Voss husflidskule, Voss jordbruksskule og Voss gymnas	Tilboda overført til nye Voss vgs og nye Voss gymnas
---------------	---	---


2

Status skuleåret 2015 – 2016

2.1 Regionsenter i Hordaland med omlandskommunar

Hordaland fylkeskommune sin vedteke regionsenterstruktur er utgangspunkt for hovudretninga i den føreslåtte skulestrukturen for Hordaland i 2030. Den føreslåtte strukturen søkjer å sjå kollektivplanar og offentleg og privat tenesteproduksjon i samanheng og har som mål å sikra eit godt skuletilbod i heile fylket. Med utgangspunkt i regionsenterstrukturen vert det 15 regionsentre i Hordaland, inkludert bydelssentra i Bergen og region Etne-Sveio som har Haugesund som regionsenter.

For nærare beskriving av bydels- og regionsenter i Hordaland, vert det vist til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* (Hordaland fylkeskommune 2014).



Figur 2.1: Regionsenter i Hordaland med omlandskommunar.

2.2 Dei fylkeskommunale skulane

I dette dokumentet vert skulane organisert i 15 regionar basert på regionalsenterstruktur for Hordaland.

Bergen kommune er organisert med fleire bydelssenter, og desse dannar grunnlag for skuleregionane Bergen-Nord, Bergen-Vest, Bergen-Sør og Bergen-Sentrum. Austevoll kommune er i ny senterstruktur organisert som del av Bergen-Sør. Arna er knytt mot nabokommunane Osterøy, Vaksdal og Samnanger, med Indre Arna som regionalt senter.

Oversikt skular og elevtal i 2015/2016.

REGION	SKULE	Elevtal 2015/16	Andre elevar	Regionsenter
NORDHORDLAND	Austrheim vgs	264		Knarvik
	Knarvik vgs	1023	90 VO	
ARNA REGION	Arna vgs	113	1 FOIB	Indre Arna
	Garnes vgs	217		
	Osterøy vgs	183		
BERGEN NORD	Åsane vgs*	347	130 VO, 88 FOIB	Åsane
	Tertnes vgs	421		
	Lønborg vgs	111		
	U. Pihl vgs	313		
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	1041		Bergen sentrum
	Bergen Katedralskole	527	599 VO	
	Bergen maritime vgs	279	342 F.SK	
	Årstad vgs	899	142 VO, 52 FOIB	
BERGEN SØR	Austevoll vgs	139	1 FOIB, 58 F.SK	Rådal
	Fana vgs	312		
	Langhaugen vgs	607		
	Nordahl Grieg vgs	855		
	Sandsli vgs	521		
	Slåtthaug vgs	483		
BERGEN VEST	Stend vgs	451		Laksevåg
	Fyllingsdalen vgs	484		
	Laksevåg vgs	714	180 FOIB	
ASKØY	Olsvikåsen vgs	530		Kleppestø
SOTRA	Askøy vgs	547		
OS - FUSA	Sotra vgs	807	102 FOIB	Straume
	Fusa vgs	236	72 VO, 3 FOIB	
	Os gymnas	236		
SUNNHORDLAND	Os vgs	464		Osøyri
	Bømlo vgs	273	50 VO	
	Rubbestadnes vgs	158		
	Fitjar vgs	248	53 VO	
KVINNHERAD	Stord vgs	809	75 VO, 12 FOIB	Husnes
	Kvinnherad vgs	402	21 VO, 2 FOIB	
ODDA	Odda vgs	329	29 VO, 6 FOIB	Odda
KVAM	Norheimsund vgs	114	2 FOIB	Norheimsund
	Øystese gymnas	182		
VOSS	Hjeltnes vgs	17	35 VO	Vossevangen
	Voss gymnas	351		
	Voss vgs	250	55 VO, 5 FOIB	
	Voss Husflidskule	62		
	Voss jordbruksskule	127		
	Rogne vgs	88	46 VO	
ETNE-SVEIO	Etne vgs	82		Haugesund
43	HORDALAND	16616		

Tabell 2.2: Oversikt skular og elevtal i 2015/16 (Mørk bakgrunnsfarge: skular med vedtak om nedlegging eller samanslåing). Merknad vedr «Andre elevar»: VO er vaksenopplæring, FOIB gjeld elevar med full opplæring i bedrift som får teoriopplæring i skule.

Nokre av skulane har undervisningsbygg spreidd på to eller fleire lokasjonar (avdelingar) der det ikkje er funksjonell gangavstand mellom bygga.

Skule	Avdelinger	
Garnes vgs	Garnes	Tunes
Knarvik vgs	Juvikstølen	Kvernhusmyrane
Åsane vgs	Nyborg	Eidsvåg, Lønborg, Fossane, Hylkje og Ulvnesøy
Norheimsund vgs	Norheimsund	Steinsdalen
Stord vgs	Saghaugen	Vabakkjen og Heiane
Sotra vgs	Bildøy	Sund
Etne vgs	Etne	Tesdal
Hjeltnes vgs	Hjeltnesvegen	Driftsbygning
Voss vgs	Skulestadmo	Granvin, Bryn og Vatle

Tabell 2.2B: Skular som pr. i dag har undervisningsbygg spreidd på to eller fleire lokasjonar.

Voss vgs avd. Granvin, Bryn og Vatle vert lagt ned når Nye Voss vgs vert tatt i bruk. Åsane vgs. avviklar Eidsvåg, Lønborg og Fossane når ny skule er tatt i bruk. Garnes vgs avviklar drifta ved Tunes i 2017

Det ligg føre vedtak om samanslåing av skular som pr. i dag er sjølvstendige einingar.

Dei to skulane i Arna vert administrativt slått saman til ein skule frå 01.08.2016, men skulen vil vere i drift på to lokasjonar fram til nytt felles skulebygg etter planen skal stå klart i 2027 (jf. tabell 6.5).

Dei to skulane i Kvam vert administrativt slått saman til ein skule frå 01.01.2017, men skulen vil vere i drift på to lokasjonar fram til nytt felles skulebygg etter planen skal stå klart i 2026 (jf. tabell 6.5).

Lønborg vgs vert administrativt lagt under Åsane vgs frå 01.08.2016. Når Nye Åsane vgs opnar med nytt skulebygg hausten 2020, vert skuletilbodet ved Lønborg vgs fasa ut.

Skule	Avdelinger	
Arna/Garnes vgs	Arna vgs	Garnes og Tunes
Åsane vgs	Nyborg	Lønborg
Ny vgs i Kvam	Norheimsund	Øystese og Steinsdalen

Tabell 2.2C: Skular som får fleire lokasjonar som følgjer av vedteke samanslåing.

2.3 Private skular

Talet på private skular og talet på elevar i private vidaregåande skular er eit viktig parameter når det offentlege vidaregåande tilbodet i Hordaland vert dimensjonert. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er betydeleg. I tillegg er Framnes Kristne Vidaregåande Skule ein betydeleg konkurrent for skulane i Kvam.

Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på Studiespesialiserande utdanningsprogram (i overkant av 2000), og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum (omlag 1900). Studiespesialiserande er det økonomisk rimelegaste utdanningsprogrammet, og det er ei problemstilling knytt til at dei private skulane konkurrerer hovudsakeleg på desse tilboda, og ikkje på dei meir areal- og kostnadskrevjande utdanningsprogramma.

Når fylkeskommunen dimensjonerer skular og elevplassar i Hordaland for planperioden fram mot 2030 må det takast omsyn til kapasiteten som eksisterer ved dei private skulane. Ein kan ikkje sjå bort frå desse elevplassane, då dette ville ført til ein unødvendig stor overkapasitet i dei offentlege skulane. Samtidig er det slik at fylkeskommunen skal kunne tilby ein skuleplass til alle 16-18 åringar i fylket. Dette gjeld og dersom ein av dei private skulane til dømes skulle stenge på kort varsel. Fylkeskommunen vil difor framleis operere med noko overkapasitet grunna det private utdanningstilbodet.

I planperioden fram mot 2030 er dagens omfang av private utdanningstilbod vidareført.

Tabellen under viser ei oversikt over det historiske elevtalet som har vore i dei private skulane i Hordaland. Nokon av skulane har ein høgare kapasitet enn det historiske elevtalet tilseier, mellom anna er dette tilfelle for St. Paul og Sonans vgs.

Oversikt over historiske elevtal i private vidaregåande skular i Hordaland.

Skule	Kommune	2011	2012	2013	2014
Hop vgs	Askøy	31	32	54	75
Metis Akademiet	Bergen	404	404	463	497
Bergen private gymnas	Bergen	398	443	470	468
Danielsen intensivgymnas	Bergen	319	316	317	311
Danielsen vidaregåande skole	Bergen	528	535	565	544
Krokeidesenteret	Bergen	96	157	143	152
Rudolf Steinerskolen i Bergen	Bergen	64	52	60	56
Sonans vidaregåande skole	Bergen	85	116	158	177
St. Paul gymnas	Bergen	0	45	87	178
Steinerskolen på Skjold	Bergen	0	0	0	25
Framnes kristne vidaregåande skole	Kvam	254	252	261	265
Kongshaug musikkgympnas	Os	92	90	89	91
Sum		2 271	2 442	2 667	2 839

Tabell 2.2.1: Oversikt tal på elevar i private vidaregåande skular i Hordaland (kjelde: KOSTRA).

2.4 Tilbudsstruktur skuleåret 2015/2016

Vidaregåande opplæring består av 14 ulike utdanningsprogram, 9 yrkesfaglege og 5 studieførebuande. Ein kan lese meir om dei ulike utdanningsprogramma på www.vilbli.no.

Tabellen under gjev ei oversikt over kode/forkorting for dei ulike yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogramma, samt samla elevtal på utdanningsprogramma skuleåret 2015/16.

I samband med planegging av nytt skuleår vert det kvart år lagt fram sak om justering av undervisningstilbodet. Slike justeringar vert gjort på bakgrunn av mellom anna forventa søkjartal, røynsler frå siste års inntak, trong for læreplassar i dei ulike faga, eller som oppfølging av vedtak i skulebruksplanen.

Fagkode	Yrkesfaglege utdanningsprogram	Elevtal 2015/16
BA	Bygg- og anleggsteknikk	608
DH	Design og handverk	311
EL	Elektrofag	1125
HO	Helse- og oppvekstfag	1526
MK	Medium og kommunikasjon	402
NA	Naturbruk	352
RM	Restaurant og matfag	262
SS	Service og samferdsel	494
TIP	Teknikk og industriell produksjon	1693
Kode	Studieførebuande utdanningsprogram	Elevtal 2015/16
ST	Studiespesialisering	6648
ST-FO	Studiespesialisering med formgjeving (variant av ST)	191
ID	Idrettsfag	668
MDD	Musikk, dans, drama	368
PB	Påbyggingskurs til generell studiekompetanse	1206
Kode	Andre vidaregåande opplæringstilbod	Elevtal 2015/16
TO	Grupper for særskilt tilrettelagt opplæring	637
AO	Innføringsklasser for minoritetsspråklege	125
VO	Vaksenopplæring	1671
LS	Læringskole/ lærlingar med full opplæring i bedrift	362

Figur 2.3: Fordeling av elevar på dei ulike utdanningsprogramma skuleåret 2015/16. I tillegg får 58 elevar Vg3-tilbod i skule innan SS, EL og TIP.

Endringar i utdanningsprogram hausten 2016

- **Kunst, design og arkitektur** (KDA) vert eit nytt studieførebuande utdanningsprogram. Utdanningsprogrammet erstattar Studiespesialisering med formgjevingsfag (ST-FO).
- **Medium og kommunikasjon** (MK) vert eit studieførebuande utdanningsprogram. Fylkestinget vedtok i desember 2015 dimensjonering for det nye MK-tilbodet (PS89/2015).

2.5 Fagtilbod på skulane

Skuleåret 2015/16 er det 43 vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune. Det ligg føre vedtak om nedlegging eller samanslåing som fram mot 2025 vil redusere talet til 34 skular.

Fagtilbod i skulane pr. 2015/2016

REGION	SKULE	Elevtal 2015/16			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE					
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST
NORDHORDL.	Austrheim vgs	264		2	21		41	33		12		59	29					67
	Knarvik vgs	1023		63	60	36	95	100			54	159	133					323
OSTERFJORD	Arna vgs	113			41			42				30						
	Garnes vgs	217											30	71				116
	Osterøy vgs	183		13		6	32	29				30						73
BERGEN NORD	Åsane vgs	347	13	26	66		29	71		15		48	79					
	Tertnes vgs	421									58							363
	Lønborg vgs	111		2				82					27					
	U.Pihl vgs	313		7												76		230
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	1041		19							162		32					828
	Bergen Katedralskole	527	33															494
	Bergen maritime vgs	279					120					159						
	Årstad vgs	899	29	79		156	136	165		56		177	59	42				
BERGEN SØR	Austevoll vgs	139						12	61			50						16
	Fana gymnas	312	16															296
	Langhaugen vgs	607													166			441
	Nordahl Grieg vgs	855		10	1			75	1		60	4	51	107				546
	Sandsli vgs	521		8							82							431
	Slåtthaug vgs	483		10	89	16	110	62				98						
BERGEN VEST	Stend vgs	451		98					140				30			183		
	Fyllingsdalen vgs	484		16				79					79		110			200
	Laksevåg vgs	714		57	71		54					94	109	86				243
	Olsvikåsen vgs	530	15	39		14		168					31					263
ASKØY	Askøy vgs	547		23	44		69	56				68	27					260
SOTRA	Sotra vgs	807		30	39	15	89	84		25	30	90	58			79		268
OS - FUSA	Fusa vgs	236		8				38	26	17		58	33					56
	Os gymnas	236																236
	Os vgs	464		25	38		45	75			45	187	49					
SUNNHORDL.	Bømlo vgs	273		14				56			18		30					155
	Rubbestadnes vgs	158					78					80						
	Etne vgs	82				10						24	19	6		23		
	Fitjar vgs	248				28		124		37			59					
	Stord vgs	809	12	29	41		107				15	61	31	51	67	128		267
KVINNHERAD	Kvinnherad vgs	402		17	24		24	64			26	41	47					159
ODDA	Odda vgs	329	7	11	15		28	28				61				39		140
.....	Nørheimsund vgs	114			13		31	22				48						
	Øystese vgs	182		8									15					159
VOSS	Hjeltnes vgs	17				7			10									
	Voss jordbruksskule	127		13					114									
	Voss Husflidsskule	62												39				23
	Rogne vgs	88		9				61		18								
	Nye Voss gymnas	351														25	140	186
	Nye Voss vgs	250		1	45	23	37				26	67	51					
		16616	125	637	608	311	1125	1526	352	262	494	1693	1206	402	368	668		6839

Tabell 2.4 Skule- og fagtilbod skuleåret 2015/16. Skular markert med mørk grå bakgrunn er skular der det ligg føre vedtak om nedlegging eller samanslåing. Fagtilboda ved desse skulane vert flytta. Utdanningstilbod markert med raud bakgrunn markerer utdanningstilbod som er vedteke lagt ned eller flytta.

MK vert studieførebuande utdanningsprogram frå hausten 2016. Tal for ST-FO ligg under ST i tabellen. Dette tilbodet vert erstatta av KDA hausten 2016.


3

Elevtalsutvikling

Prognosane for Hordaland fylkeskommune for perioden 2016 til 2030 er henta frå statistikk.igest.no sitt hovudalternativ. Framskrivingane er basert på ei rekke føresetnader noko som bidreg til usikkerhet, og det er ikkje gitt at utviklinga vil bli som skildra her. For meir informasjon om definisjonar, føresetnader og variabeldokumentasjon, sjå <http://statistikk.igest.no/hf/> og <http://www.fylkesprognoser.no/>.

Prognosane som er offentleggjort på statistikk.igest.no har berre tal på kommunenivå, og ikkje for ulike område av kommunen. Når ein i inndelinga av regionar skil Bergen kommune sine bydelar i ulike regionar er det trong for ein prognose på bydelsnivå. For å kunne gjere det har ein nytta Bergen kommune sin prognose for bydelane. Bergen kommune sin prognose er justert i 2016, og tala frå den er tatt inn i dei regionane kor bydelane i Bergen inngår. Det vil difor vere avvik mellom prognosen for Hordaland fylke og summen av regionane. I 2030 er avviket mellom dei to prognosane 39 personar.


3.1 Prognose for utvikling av folketal i Hordaland fylke



Figur 3.1: Prognose for utvikling av folketal i Hordaland fylke

Hovudalternativet syner eit forventa folketal i Hordaland på anslagsvis 619.000 personar i 2030, noko som tilseier ein vekst på om lag 107.500 personar.

3.2 Prognose for i aldersgruppa 16-18 år



Figur 3.2: Prognose for aldersgruppa 16-18 år, Hordaland 2015-2030.


Hovudalternativet for Hordaland prognostiserer ein nedgang i talet på personar i aldersgruppa 16-18 år dei komande 8 åra, men innan 2030 er det prognostisert om lag 1000 fleire personar i denne aldersgruppa enn i 2015.

Ikkje alle personar i aldersgruppa 16 – 18 år er elevar i offentleg vidaregåande skule. Nokon er lærlingar, nokon er elev i private skular og nokon er utanfor opplæringssystemet. For å få eit anslag på kor mange skuleplassar det er trong for, er talet på personar i kvar kommune justert etter den andelen som i dag er i eit offentleg tilbod. Dersom ein kommune i 2015 hadde 85 % av busette 16-18-åringar i offentleg skule er prognosetalet for kvart år justert tilsvarande. Det justerte talet vert omtalt som forventa elevtal.

3.3 Elevtalsprognose for regionane

I det følgjande vert prognosane for planperioden 2015 – 2030 presentert for kvar region.

3.3.1 Elevtalsprognose for region Nordhordland




I region Nordhordland inngår kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å auke til ca. 1500 i år 2030.

Det er i dei to mest folkerike kommunane i sør, Lindås og Meland, at den forventa auken i elevtal kjem. I kommunane Modalen og Radøy er det forventa relativt stabile elevtal i planperioden, medan det er venta noko nedgang i Austrheim, Fedje og Masfjorden.

Justert for at ca. 13% i alderen 16-18 ikkje er elev i offentleg skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1300.


3.3.2 Elevtalsprognose for Arna region



I Arna region inngår kommunane Vaksdal, Osterøy, Samnanger og Arna bydel i Bergen kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag likt i år 2030 som i 2015.

Det er forventa ein liten auke i Arna bydel, medan Vaksdal, Osterøy og Samnanger får ein nedgang. Av kommunane er det Vaksdal som er prognostisert med den største nedgangen. Justert for at ca. 17% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentleg skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 950.


3.3.3 Elevtalsprognose for region Bergen-Nord



I region Bergen-Nord inngår bydelen Åsane i Bergen kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 1600 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år vert redusert med om lag 100 personar innan 2030. Justert for at ca. 18% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1330.


3.3.4 Elevtalsprognose for region Bergen-Sentrumrum



I region Bergen-Sentrumrum inngår bydelen Bergenhus og 50% av Årstad i Bergen kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 1560 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til å vekse med om lag 300 personar innan 2030. Justert for at ca. 6% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1470.


3.3.5 Elevtalsprognose for region Bergen-Sør



I region Bergen-Sør inngår bydelane Fana, Ytrebygda og 50% av Årstad i Bergen kommune og Austevoll kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 4130 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til å vekse med om lag 470 personar innan 2030. Justert for at ca. 15% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 3500.


3.3.6 Elevtalsprognose for region Bergen-Vest



I region Bergen-Vest inngår bydelane Fyllingsdalen og Laksevåg i Bergen kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 2510 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til gå ned med om lag 130 personar innan 2030. Justert for at ca. 20% i alderen 16-18 ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 2000.


3.3.7 Elevtalsprognose for region Askøy



I region Askøy inngår Askøy kommune. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 1350 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til å vekse med om lag 200 personar innan 2030. Justert for at ca. 20% av dei ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1080.


3.3.8 Elevtalsprognose for region Sotra



I region Sotra inngår kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 1750 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til å vekse med om lag 120 personar innan 2030. Justert for at ca. 24% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1330.


3.3.9 Elevtalsprognose for region Os-Fusa



I region Os – Fusa inngår kommunane Os og Fusa. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å vere om lag 1150 i 2030.

Det er forventa at talet på personar i alderen 16-18 år kjem til å vekse med om lag 250 personar innan 2030. Justert for at ca. 6% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca 1100.


3.3.10 Elevtalsprognose for region Sunnhordland



I region Sunnhordland inngår kommunane Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å reduserast til ca. 1500 i år 2020 for så å auke til ca. 1700 i 2028.

I Tysnes og Stord er det prognostisert ein nedgang i elevtalet; for Fitjar og Bømlo eit stabilt elevtal. I Stord forventast elevtalet å vere tilbake på dagens nivå i 2030. Justert for at ca. 8% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 1450.


3.3.11 Elevtalsprognose for region Kvinnherad



I region Kvinnherad inngår kommunen Kvinnherad. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å reduserast frå dagens ca. 590 til 490 i 2030.

Justert for at ca. 10% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 440.


3.3.12 Elevtalsprognose for region Odda



I region Odda inngår kommunen Odda. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å reduserast frå dagens ca. 410 til 350 i 2030.

Justert for at ca. 3% av dei ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 330.


3.3.13 Elevtalsprognose for region Kvam



I region Kvam inngår kommunane Jondal og Kvam. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å reduserast frå dagens 375 til 350 i 2030.

I Kvam er det prognostisert noko oppgang, medan befolkningstalet i Jondal held seg stabilt. Justert for at ca. 17% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca 290.

3.3.14 Elevtalsprognose for region Voss




I region Voss inngår kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord og Voss. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å halde seg mellom 600 og 670 elevar i perioden fram mot 2030.

Talet på 16-18-åringar er forventa å halde seg stabilt i Voss og Ulvik, medan det er prognostisert ein nedgang i Granvin og Eidfjord.

Justert for at ca. 4% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentlig skule, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 650.

3.3.15 Elevtalsprognose for region Etne - Sveio



I region Etne - Sveio inngår kommunane Etne og Sveio. Det samla talet på 16-18-åringar er venta å auke med ca 100 perioden fram mot 2030. Veksten er venta å vere lik i dei to kommunane.

Dei fleste av elevane i Sveio har kortare reiseveg til skular i nabofylket og får i dag tilbod om skuleplass der, medan elevane i Etne får tilbod i Rogaland som supplement til tilbodet i eigen kommune. I dag vel ein stor del av elevane eit tilbod i Rogaland.

Justert for at ca. 80% i alderen 16-18 år ikkje er elev i offentleg skule i Hordaland, er det forventa behovet for elevplassar i 2030 ca. 90.

4

Andre fylkeskommunale utdanningstilbod

4.1 Vaksenopplæring

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, Jf § 4A-3. Lova pålegg også fylkeskommunen å gje eit vidaregåande tilbod til andre vaksne som har gjennomført vidaregåande, men som av ulike grunnar søker ny utdanning, Jf § 13-3.

Både for ungdom og vaksne er retten til vidaregåande utdanning ein individuell rett, etter fullført grunnskule, og etter søknad, Jf § 3-1, § 4A-3. Fylkeskommunen har soleis to likeverdige rettsgrupper til vidaregåande utdanning, der vaksneretten avløyser ungdomsretten.

Hordaland fylkeskommune har gjort tilgang til rett kompetanse til ein av tre hovudstrategiar i arbeidet for regional utvikling i fylket, Jf Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017, Handlingsprogram for næringsutvikling 2014. Rett fagkompetanse er ein av dei sentrale innsatsfaktorane fylkeskommunen kan levere i dette arbeidet. Vidaregåande utdanning for vaksne i yrkesfaga er i stor grad knytt direkte til den einskilde verksemda sin etterspurnad etter faglært kompetanse. Vaksne etterspør normalt fagutdanning i dei arbeidsområda dei har som ufaglærte tilsette. Arbeidsgjevar spelar på si side ei avgjerande rolle som motivator og praktisk og fagleg tilretteleggar for utdanninga.

Vaksenopplæringa er elles den primære leverandøren av faglærte i fleire sentrale fag som kan ha vanskar med å rekruttera unge, til dømes helsefag, havbruksfag, sjømatproduksjon.

Sentre for vaksenopplæring

Etter vedtak i Opplærings- og helseutvalet (12.5.2015), Fylkesutvalet (19.5.2015) og Fylkestinget (9.6.2015) vert talet på vaksenopplæringssentre endra til 5 innan 2016.

Vaksen-opplæringscenter	Region	Kommunar	Innbyggjar 2014
Stord vidaregåande skule	Sunnhordland	Etne, Sveio, Bømlø, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll	64.000
Voss gymnas	Voss og Hardanger	Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam	41.000

Åsane vidaregåande skule Industri-, handverk-, helse- og oppvekstfag	Stor-Bergen	Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Fusa, Samnanger og Os	338.000
Bergen Katedralskole Studiespesialiserande fag			
Sotra vidaregåande skule	Vest	Sund, Fjell, Øygarden og Askøy	62.000

Vaksenopplæringsssenteret må gjennomføra delar av det samla tilbodet på «eigen» skule. Dette vil vere vesentleg for å utvikle eit heilskapleg tilbod med høg kvalitet i fag, vaksenpedagogikk og forvaltning av tilbodet. Også av omsyn til reiseavstand, offentleg kommunikasjon m.m. vert mange tilbod lagt sentralt i regionen. Vaksne deltakarar ønskjer også å møte skulemiljø som er lagt til rette for dei som målgruppe, og som i volum og tilbod ber preg av vaksne.

Vaksenopplæringsssenteret nyttar faglærarar frå andre vidaregåande skular og leiger inn lærarar frå private og offentlege verksemder – i tillegg til «eigne» lærarar ved skulen. Opplæringsstilbodet kan elles gjennomførast ved andre skular som har respektive fag og tilstrekkeleg kapasitet i fagmiljøet til å gjennomføre oppgåvene for vaksengruppene.

Vaksenopplæringsssenteret kan også flytte undervisningstilbodet ut av eigen region når dette er tenkt å nå ein spreidd etterspurnad. Til dømes har vaksenopplæringsssenteret på Voss lagt samlingane i reiselivsfaget til Bergen for betre å nå målgruppa.

Dimensjonering 2030

Dei siste åra har vaksenopplæringa vakse med om lag 10% kvart år. I 2015 var det 2049 kursplassar, derav 1595 nye. Vi veit at det er ei stor målgruppe med om lag 37 000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande utdanning.

I stortingsmeldinga 16 *Fra utenforskap til ny sjanse* vert det fremja fleire forslag som vil få betyding for dimensjoneringa av vaksenopplæring. Nokre av forslaga er:

- Oppheve perioden mellom ungdomsrett og vaksenrett.
- Rett til vaksenopplæring dersom ein ikkje har bestått vidaregåande opplæring, sjølv om ein har fullført.
- Vaksne med vidaregåande opplæring frå utlandet, skal få rett til vaksenopplæring dersom tidlegare utdanning ikkje vert godkjent i Noreg.
- I større grad satse på opplæring av ufaglærte på arbeidsplassen i samarbeid med respektive verksemder.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om veksten kjem til å halde fram i same omfang og kva effekt det vil gi om nokre av forslaga over vert sett i verk. Ein del av tilbodet innan vaksenopplæring vert gitt slik at ein kan nytte ressursane i skulane når det ikkje vert gitt ordinær undervisning. Det vil difor vere rom for vekst utan nye areal.

I denne rulleringa legg ein til grunn den nye vedteke organiseringa. Denne vil gi eit godt utgangspunkt for å ta høgde for eit eventuelt auka behov framover til dømes ved å nytte naboskular og med tanke på programmering av planlagde nybygg.

4.2 Opplæring innan kriminalomsorga

Fylkeskommunane organiserer og driv opplæring innanfor kriminalomsorga i sitt fylke i samarbeid med kriminalomsorga, jf. opplæringsloven § 13-3 og avtale mellom staten og kvar enkelt fylkeskommune av 15. juli 1988.

I Hordaland er dette oppdraget lagt til Åsane videregående skole, og alle lærarane er tilsett på denne skulen. Skulen har avdelingar i alle fengselsinstitusjonane i Hordaland. Den største avdelinga er i Bergen fengsel. Det er og ei avdeling ved Bjørgvin fengsel og ein avdeling ved Bergen fengsel avdeling Ulvsnesøy. Ordninga med ansvar for opplæring innan kriminalomsorga vert vidareført til Nye Åsane vgs.

Fengselsopplæring i Noreg er lagt opp som ei importteneste, dvs. at Fylkeskommunen står for fagleg-pedagogisk innhald, medan Kriminalomsorga skal stille med tilfredstillande lokalitetar inne i fengsla. I rundskriv G1-2008 om forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga heiter det mellom anna at kriminalomsorga skal legge forholda praktisk til rette slik at domfelte og varetektsinnsette kan gjere seg nytte av opplæringstilboda. Dette betyr mellom anna fysiske rammar i fengsla, som klasserom osv.

I Hordaland har ein utvikla eit godt tilbod til oppfølging etter fullført soning. Dette tilbodet skal også handtere straffedømde som vert dømd til samfunnsstraff eller til ND program. Dette tilbodet er plassert på utsida av fengsla, og det er Hordaland fylkeskommune som leiger lokale og driv tilbodet.

Oppfølgingseininga «Fossane» er planlagt lokalisert saman med Nye Åsane vgs.

4.3 Produksjonskule

Hordaland fylkeskommune har eit særskilt opplæringstilbod gjennom Hyssingen produksjonskule, som er plassert i Møllendalsveien i utkanten av Bergen sentrum.

Dette er ei satsing for ungdom mellom 16 og 21 år og er eitt av fylkeskommunen sine tilbod til unge som ikkje er i vidaregåande opplæring, lærlingordning eller anna tilbod, og som treng ein veg inn att til framtidsbyggande aktivitet. Deltakarane skal få utvikle kompetanse gjennom praktisk arbeid direkte inn i ein verkstadbasert produksjon som leverer varer og tenester til samfunnet. Dei vil få opplæring i eit fag, lære om arbeidslivet sine spelereglar og utvikle eiga danning og kvalifisering for eit framtidig yrkesliv. Skuletilbodet er knytt til ulike utdanningsprogram og skal styrke deltakarane si personlege utvikling, sosiale kompetanse og vidare utdanningsløp.

Noverande tilbod er planlagt til å tilby om lag 45 plassar innanfor eksisterande rammer. Tilbodet vart etablert i 2014 og har gradvis auka talet på ungdommar knytt til skulen. I 2015 ga skulen tilbod til 33 elevar. Det er planlagt full drift i løpet av 2016.

Det er sett i gong arbeid med å utgreie ei utviding av tilbodet med i ein ny desentralisert produksjonskule ved Hjeltnes i Ulvik herad. Ein slik produksjonskule vil ha ein ganske annan profil og ha andre type ressursar å spele på enn Hyssingen. Det vert mellom anna lagt opp til at ungdommane gjennom veka bur på internat ved skulen. Produksjonstilbodet vert tenkt knytt mot mat- og fruktproduksjon og dei ressursane som ma. ligg i gardsdrifta på den fylkeskommunale eigedomen.

4.4 Fagskule

Fagskuleutdanning byggjer på vidaregåande utdanning, og er såleis sidestilt med anna høgare utdanning i utdanningssystemet. Vidare skal fagskuleutdanningar vere yrkesretta og med varighet frå eit halvt til to år.

Hordaland fylkeskommune er både eigar av fagskular og forvaltar av fagskuleområdet. Fagskulelova § 1 a stadfestar at fylkeskommunane skal sørje for at det vert tilbydd godkjent fagskuleutdanning som tek

omsyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innanfor prioriterte samfunnsområde. Denne lovteksten er uavhengig av fylkeskommunane sitt eigarskap av fagskular.

Hordaland fylkeskommune er eigar av dei tre fagskulane under Fagskolane i Hordaland; Hordaland helsefagskole, Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole. Dei tre fagskulane gjev viktig kompetanseheving til næringa i regionen. Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan for Fagskolane i Hordaland innanfor eiga budsjettamme.

Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 peikar på at fagskuletilbodet skal styrkast i regionen ved å gjere tilboda meir fleksible i høve til kva tilbod og kvar i fylket dette skal verte tilbydd. Dette var ein prosess som starta med skulebruksplanen i 2013, der Fagskolane i Hordaland vart redusert frå 7 til 3 fagskular med fleire studiestader. Vidare er det vedteke i skulebruksplanen at dei 3 fagskulane skal verte redusert ytterlegare til ein eller to skular. Færre einingar gjev større fleksibilitet i høve til å opprette tilbod etter behov både i Bergen og i distrikta.

Komande planar for organisering

I tråd med vedtak i skulebruksplanen har Hordaland fagskulestyre vedteke ei administrativ samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Sak PS 12/2016 vart handsama i fagskulestyret 17.03.2016, og følgjande vart vedteke:

1. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert slått saman til éin fagskule 01.01.2017. Styret vil peika på at arbeidet med samlokalisering av fagskulane vert prioritert slik at dette kan gjennomførast snarast råd.
2. Den nye tekniske og maritime fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland.
3. Opplæringsavdelinga må gjere greie for:
 - Ressursbehovet i høve til personale knytt til omstillingsarbeidet.
 - Eventuelle behov for endringar i bygg og kostnader ved dette.
 - Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule.
 - Lokasjon for den nye eininga og plassering av hovudadministrasjon.

Når det gjeld nytt bygg for ein samla fagskule, vedtok Fylkestinget 13.10.15 (PS 64/2015) at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård (der Bergen Maritime vgs er i dag) som framtidig lokalisering for ein samla fagskule. På bakgrunn av dette er det sett i gang eit reguleringsarbeid for tomta nord for dagens skule. Denne løysinga vil truleg ikkje gi nok plass til både ein samla fagskule og det vidaregåande tilbodet som er der i dag.

4.5 Manger folkehøgskule

Manger folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule som ligg i Radøy kommune og er eigd av Hordaland fylkeskommune.

Skulen vart oppretta i 1877 som «Nordhordland Amtsskule» og har vore eigd av amtet, seinare fylkeskommunen, i alle år. Den vert driven i tråd med Lov om folkehøgskulen med føresegnar og tek i mot statstilskot etter rammer gitt av departement og Storting. I tillegg betaler elevane for kost og losji, undervisningsmateriell, ekskursjonar og studieturar. Skulen rapporterer om drifta til departementet, og det vert kvart år utarbeidd ein sjølvvurderingsrapport som vert sendt til Utdanningsdirektoratet.

Tilbodet ved Manger folkehøgskule er ikkje del av denne rulleringa av skulebruksplanen.

5

Kriterier for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring

5.1 Innleiing

Det er viktig med føreseielege strukturar for elevar og tilsette. Gode kriterier vil hjelpe til med å gjere bevisste val for ein framtidretta skule- og tilbodsstruktur basert på dagens kunnskap, forventningar og prognosar.

I vurdering av alternative skulestrukturar i kap. 6 vil det vere naturleg å leggje meir og mindre vekt på ulike kriterium som utgangspunkt for dei ulike modellane. Dersom ein til dømes ønskjer å leggje mest vekt på store skular med breie fagtilbod, vil det gje ein annan strukturmodell enn om ein legg meir vekt på at elevane skal ha kortare reiseveg til dei fleste tilboda.

I det følgjande vert det kort gjort greie for nokre sentrale kriterier som ligg til grunn for rulleringa av skulebruksplanen. Til grunn for oversikta ligg kriterielista som vart utarbeidd i samband med Skulebruksplanen 2012. Den fullstendige kriterielista følgjer som vedlegg.

5.2 Lokalisering, regionsenter

Regional plan for attraktive senter er politisk vedtatt i fylkestinget 09/10.12.2014 (Sak 83/2014). Planen har følgjande hovudmål:

«Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentra skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.»

Frå kapittel 3; Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod:

«Sentra skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.»

Om plassering av dei vidaregåande skulane heiter det mellom anna:

«Det er ikkje likegyldig korleis skulane ligg i høve til andre sentrumsfunksjonar dersom skulen skal inngå i livet i lokalsamfunnet. Lokalisering i eller nært sentrum kan bidra til styrking av sentra. God kollektivdekning er ein føresetnad for vidaregåande skule. Om lokalisering og reisetid seier fylkeskommunen sin skulebruksplan mellom anna at elevar ikkje bør ha meir enn ein time reisetid til skulen, og at skulestrukturen bør samsvare med

senterstrukturen. Alle regionsentra bør ha breie skuletilbod som er godt dekkjande for regionen sine behov, og som gir grunnlag for samarbeid med næringslivet og for livslang læring (s.34).»

Det er viktig at det er vidaregåande skuletilbod i alle regionsenter, og at skuletilbodet er med på å byggje opp under regionsentertankegangen som ligg i fylket sin planstrategi. I dag er det 10 regionsenter i Hordaland utanfor Bergen kommune. Innan Bergen kommune er det 4 regionale senter.

Det er 13 kommunar som ikkje har eit vidaregåande opplæringstilbod i eigen heimkommune. Dei fleste av elevane i desse kommunane kan dagpendle til andre kommunar for å gå på skule.

Dei 13 kommunane som ikkje er heimkommune for eit vidaregåande skuletilbod, er blant dei minste kommunane i Hordaland i høve folketal. Dei største vekstkommunane er kommunar med bysentra og tettstader med fleifunksjonelle tenester. Det er også desse områda som står for den største befolknings- og næringsveksten i fylket. Nærleik til skule og andre offentlege tenester vert av mange innbyggjarar vurdert som viktige kvalitetar ved staden.

Til forskjell frå dei kommunale grunnskulane skal dei vidaregåande opplæringstilboda tene regionar og fleire kommunar innanfor større geografiske område. Lokaliseringa må difor primært gjerast ut frå eit regionalt og interkommunalt utviklingsperspektiv – ikkje som eit reint lokalt utviklingstiltak. Fylket må vurdere skuletilboda i ein større og breiare kontekst enn berre lokale omsyn. Det er ønskjeleg at den framtidige skulestrukturen skal ta omsyn til regionsenterstrategien som fylket legg opp til i sitt overordna planarbeid. For å få sterke regionar treng ein sterke regionsenter.

Det kan ikkje etablerast eit vidaregåande skuletilbod i kvar kommune. Difor bør skulane vere lokalisert til regionsentra i fylket – der flest elevar er heimehøyrande og der det er eit delvis stort arbeidsmarknadsgrunnlag. Lokaliseringa av mange av dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland støtter opp under kommunale areal- og byutviklingsstrategiar og utgjer en viktig del av det offentlege tilboda i “byen” / tettstaden. Samstundes er nokre av skulane lokalisert på stader der elevgrunnlaget ikkje er så stort som ein skulle ønske. Dette gjeld både nyare og eldre skular.

5.3 Reisetid og avstand

Fylkeskommunen si plikt til å tilby gratis skuleskyss er heimla i kap. 13-4 i opplæringslova. Fylkeskommunen og samferdselsavdelinga er tillagt ansvaret for skuleskyss og skal i størst mogeleg grad samordne skuleskyssen med den ordinære kollektivtrafikken.

Skuleskyssen krev ein svært omfattande logistikk. Det vert skyssa om lag 20.000 elevar kvar dag i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Skyssen må løyse ulike utfordringar med omsyn til reisestrekning, reisetid og lovpålagt undervisningstid for elevane. Nye vidaregåande skular bør lokalisast ved sentrale kollektivknutepunkt.

Kriterier om reisetid:

- Elevar på Vg1 bør kunne bu heime.
- Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skulen.
- Det bør leggjast til rette for gode kollektivløysingar i skuleskyssen.

Jf. reisetidsanalysen frå AUD i (vedlegg 3) vil dei fleste elevane kunne ha høve til å bu heime under heile opplæringa i vidaregåande skule. Det er her viktig å merke seg at alle elevane ikkje kan få alle tilboda innan 1 times reisetid, men at dei fleste vil få eit breitt utval Vg1-tilbod.

For dei fleste elevane vert skuleskyssen avvikla ved at elevane følgjer ordinære kollektivruter. Ein stor del av dei ordinære rutene, spesielt i distrikta, utfører skuleskyss. Der kor det ikkje finst eit passande kollektivtilbod vert det sett opp annan skyss. Det kan vere reine skulebussar der det er grunnlag for dette.

Elles vert det sett opp ei rekkje alternative transporttilbod for å oppfylle behovet for skuleskyss, ofte som drosje eller liknande undertransportar. Slike undertransportar er kostnadskrevjande. I tillegg får mange elevar med nedsett funksjonsevne tilrettelagt skyss med drosje.

Utfordringa for ei rasjonell skyssavvikling er å minimere reisestrekningane, talet på bussavgangar, og planlegge skyssen slik at det vert minst mogleg undertransportar. Endringar i skulestrukturen ved å minke talet på skular og plassere skular nær kollektivknutepunkt/kollektivhovudveggar vil kunne gje meir rasjonell skyss. Samling av fagmiljøa på færre skular vil på den andre sida kunne føre til noko større eller endra behov for skyss.

5.4 Skulestorleik, fagtilbod og fagmiljø

5.4.1 Skulestorleik

Det er eit føremon at skulane har fleire utdanningsprogram og programfag for at tilboda skal tåle variasjonar i søkjartal over tid, samt at elevane skal kunne velje mellom ulike retningar på Vg2. Større skular vil vere mindre sårbare for variasjonar i søkjartal frå år til år. Samstundes som større skular vil ha moglegheit til å kunne tilby eit breiare tilbod innan programfaga på Vg2 og Vg3.

Ein klar definisjon av kva som er rekna som ein stor og liten vidaregåande skule, ligg ikkje føre. Ein stor skule i norsk samanheng vert ikkje nødvendigvis rekna som stor i ein internasjonal samanheng der ein "high-school" med 600-900 elevar gjerne blir rekna som middels stor, medan ein må over 1500 for at skulane skal reknast som store. Vurderinga av skulestørrelse, og kva som er stort og kva som er lite, varierer altså sterkt frå land til land og region til region. I Skulebruksplanen for HFK 2012-2025 heiter det at «*Vidaregåande skolar i Hordaland bør i gjennomsnitt ha omlag 600 ordinære vgs-elevar. Normalt bør ikkje skulane ha mindre enn 300 elevar, eller meir enn 1200 elevar*». Tala her gjev ein peikepinn på kva som til no har vore rekna som stor og liten skule i Hordaland.

Oversikta over dei fylkeskommunale skulane i Hordaland (kap. 2.2) viser at 20 av dagens 43 skular (46%) har elevtal under tilrådinga, medan ingen av skulane har høgare elevtal enn tilrådinga. Det ligg føre vedtak om nedlegging eller samanslåing for fleire av dei minste skulane, slik at talet på skular med elevtal under tilrådd minstetal vil verte redusert til 10 av 33 (30%). Stord vidaregåande skule vil etter utviding og rehabilitering verte dimensjonert for omkring 1300 elevar.

Tal frå KOSTRA viser at det i 2015 var registrert eit gjennomsnitt på 381 elevar pr. vidaregåande skule i Hordaland. Berre 3 fylke hadde lågare elevtal pr. skule i denne oversikta (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Finnmark).

Fylke	Tal på skular KOSTRA	Fylke	Samla tal elevar off	Fylke	Gj.elevar pr off.skole
Hordaland	43	Akershus	21 724	Østfold	926
Akershus	34	Rogaland	17 471	Vestfold	853
Oslo	27	Hordaland	16 383	Buskerud	703
Rogaland	26	Oslo	15 972	Rogaland	672
Møre og Romsdal	23	Sør-Trøndelag	10 628	Nordland	654
Sør-Trøndelag	22	Nordland	10 470	Akershus	639
Nordland	16	Østfold	10 181	Vest-Agder	603
Hedmark	14	Buskerud	9 133	Aust-Agder	592
Troms	14	Vestfold	8 529	Oslo	592
Oppland	13	Møre og Romsdal	8 092	Telemark	561
Buskerud	13	Troms	7 079	Troms	506
Sogn og Fjordane	13	Hedmark	6 910	Oppland	504
Nord-Trøndelag	13	Vest-Agder	6 636	Hedmark	494
Østfold	11	Oppland	6 556	Sør-Trøndelag	483
Telemark	11	Telemark	6 169	Nord-Trøndelag	420
Vest-Agder	11	Nord-Trøndelag	5 464	Hordaland	381
Vestfold	10	Sogn og Fjordane	4 293	Møre og Romsdal	352
Finnmark	8	Aust-Agder	3 552	Sogn og Fjordane	330
Aust-Agder	6	Finnmark	2 504	Finnmark	313
Heile landet	328	Heile landet	177 746	Heile landet	542
Gjennomsnitt	17,3	Gjennomsnitt	9 355	Gjennomsnitt	542

C

5.4.2 Fagmiljø

Ein skule med færre enn 4 parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram vil ha problem i høve til å kunne tilby eit breitt tilbod programfag på Vg2 og Vg3 utan høgare økonomiske rammer. For ei mest mogleg rasjonell økonomisk drift og eit godt fagtilbod bør ein skule difor ha minimum 4 parallellar. I folketette område er det ønskjeleg å ha fleire enn 4 parallellar.

For at ein skule skal kunne ha eit breitt fagmiljø på yrkesfaga, treng han fleire programfag på Vg2-nivå. Eit breitt fagmiljø og fleire Vg2-tilbod på skulen gjev også betre rammer for å oppfylle alle læringsmåla på Vg1. Grunnlaget for dette ligg i å ha større elevgrunnlag og fleire parallellar på Vg1.

Ein del skular har problem i høve til rekruttering av faglærarar i yrkesfaga. Rekrutteringa og utnyttinga av dei eksisterande lærarkreftene vert betre dersom utdanningsprogramma vert samla i større einingar enn i dag.

På dei mest areal- og utstyrskevjangande yrkesfaga er det viktig å utnytte dei store verkstadareala og det dyre utstyret best mogleg. For å få dette til må skulen ha fleire parallellar. Betre utnytting av rom og utstyr kan til dels gje store økonomiske innsparingar målt opp mot alternativet der det må investerast i rom og utstyr fleire stader.

5.4.3 Fagtilbod

Dei vidaregåande utdanningstilboda er i utgangspunktet regionale - og ikkje lokale tilbod. Ein vil ikkje finne alle utdanningsprogram i kvar kommune eller i alle regionssentra, særleg ikkje når elevgrunnlaget i regionen ikkje tilseier spreieing av fagmiljøa.

T.d. kan små utdanningstilbod, med relativt få søkjarar, som Musikk, dans og drama verte samla i ein eller to regionar, medan alle dei større utdanningsprogramma bør vere representert i kvar region.

5.5 Økonomi

- Ny skule- og tilbodsstruktur bør redusere presset i driftsøkonomien, m.a. ved færre skular, samling av fagtilbod, fylte klassar og betre utnytting av kapasitet på verkstader og lærarkrefter.
- Samla skuleareal skal reduserast for å redusere driftskostnadane.
- Investeringsbehovet skal avgrensast.
- Ved strukturendring bør omsetningsverdi, verneverdi og -restriksjonar tas omsyn til.

Ei av hovudmålsetjingane ved å endra skulestrukturen er å etablere eit godt fagleg tilbod til elevane. Mange skular opplever at dei må gjera faglege kompromiss, til dømes kutta breidda i fagtilbodet, for å klare å halde seg innanfor budsjettamma.

Skular kan ha problem med å ha balanse i økonomien, og enkelte skular må årleg redusere driftsnivået på skulen grunna tilbakebetaling av tidlegare års underskot. Av skulane som har overskot, er det mange av dei som også ville gått med underskot dersom det ikkje var for at dei har kursinntekter. Dette er i stor kontrast til ei utvikling der skulane må ha attraktive tilbod til elevane, og der skulane ser trong til å supplere kjerneverksemda si med smalare og dyre tilbod.

Hordaland fylkeskommune har mange skular og bygg. Det følgjer av dette at ein større del av opplæringsbudsjettet i Hordaland går med til drift av skular og bygg enn det som hadde vore naudsynt om Hordaland hadde hatt ein annan skulestruktur. Til dømes ein struktur der elevar pr. skule var nærmare det som er gjennomsnittet for alle fylke i landet (jf. tabell 5.4.1). Eit mål med endringar i

skulestrukturen vil difor vere å redusere driftskostnadene ved å redusere tal på skular, bygg og areal. Dette vil kunne frigjere budsjettmidlar til blant anna pedagogisk føremål.

Det er både ønskje og trong for å investere i noverande skulestruktur – både i form av nye skulebygg og tilbygg. Det er gjeve som ein føresetnad i planperioden at fylkeskommunen ikkje kan ta høgde for eit stort investeringsbudsjett i opplæringssektoren. Det er vanskeleg å endre skule- og tilbodsstrukturen utan at det medfører naudsynte investeringar, men desse bør vere del av eit realistisk investeringsprogram. Med knappe investeringsmidlar er det og vesentleg at vedtekne investeringar i strukturen med sikkerheit er framtidsretta.

Ein del skular har bygg med verneverdi og restriksjonar. Desse kan ikkje alltid vere styrande når ein skal utforme eit best mogleg fagtilbod til elevane, men bør vere med i vurderinga dersom ein vurderer strukturendringar. Eit døme på ein restriksjon kan vere at reguleringsplanen som eit skuleområde er del av tilseier at skulebygg må flyttast grunna ei ny samferdsleåre. Ein bør i dette døme ikkje legge opp til større investeringar grunna denne usikkerheita. Marknadsverdien til bygga som fylkeskommunen vurderer å ikkje nytte til undervisningsføremål bør også vektleggast i skulebruksplanen. Bygg med høg omsetjingsverdi kan gi fylkeskommunen gode inntekter til forskjell for bygg som er lite attraktive og vanskelege å kvitte seg med.

6

Skule- og tilbodsstruktur for framtida

6.1 Innleiing

I dette kapittelet vert framtidig skulestruktur for vidaregåande opplæring i Hordaland fylke presentert. Struktura vert omtalt slik ein ser for seg at dei kan sjå ut i skuleåret 2030/31. Skulebruksplanen tek heile struktura opp til vurdering, og det vil seie at og relativt nye vedtak i skule- og tilbodsstrukturen kan verte foreslått endra.

Det er viktig å understreke at innføring av dei føreslegne endringane vil måtte skje gradvis over mange år. Endringar i elevtal og omfang av ulike fagtilbod skjer gradvis. Før skular kan leggest ned og fagtilbod kan flyttast eller samlast må mottaksskulane ha tilstrekkeleg plass og god tilrettelegging.

Framlegget til alternativ skule- og tilbodsstruktur er utarbeidd med utgangspunkt i kriterielista i kapittel 5. Meir detaljert oversikt over alternativa er å finne i vedlegg 2 (Kriterier for vurdering av skule)

Grunnlaget for dimensjonering av fagtilboda er presentert i kapittel 3 Elevtalsutvikling.

6.1.1 Framtidig skulestruktur, skulestader

I dei to neste kapitla vert det presentert to alternativ for framtidig skule- og tilbodsstruktur. Det eine alternativet (alternativ 0) er basert på gjeldande vedtak i fylkestinget om endringar som skal gjennomførast i tråd med Skulebruksplan 2012-2025.

Rulleringa av skulebruksplanen tek omsyn til endringar i føresetnadene for skule- og tilbodsstrukturen, og alternativ 1 viser ein struktur som svarer på utfordringane.

- Alternativ 0, skule- og fagtilbod utifrå gjeldande vedtak
- Alternativ 1, rullert skule- og fagtilbod

I det følgjande vert først alternativ 0 kort presentert i kap. 6.2. For ein meir detaljert presentasjon vert det vist til *Kartleggingsrapport, skule- og tilbodsrapport* (HFK 2016). Deretter vert alternativ 1 presentert i kap. 6.3.

6.2 Alternativ 0, referansealternativ

Alternativ 0 er ei vidareføring av dagens skule- og tilbodsstruktur, med dei framtidige endringane som er vedtekne av Fylkestinget. Det vil seie at vedtak om framtidige skuleutvidingar, samanslåingar og nedleggingar er tatt med. Vedtak om endringar i tilbodsstrukturen er også tatt med i oversikta. For nærare omtale av skulestruktur og utdanningstilbod for alternativ 0 vert det vist til vedlegg 1 (Kartleggingsrapport skule- og tilbodsstruktur).

Med alternativ 0 vert talet på skular redusert frå 43 i dag til 34 skular innan 2025. Gjennomsnittleg skulestorleik i 2015/16 er 386 elevar. Basert på reduksjon i talet på skular og forventa elevtalsauke (jf. kap. 3 Elevtalsutvikling), vil gjennomsnittleg skulestorleik skuleåret 2030/31 vere 569 elevar med alternativ 0.

Hovudendringar som ligg inne i alternativ 0 er:

- Dei 5 skulane på Voss vert samla på Nye Voss vgs og Nye Voss gymnas.
- Arna vgs og Garnes vgs vert slått saman til ny skule i Indre Arna.
- Bømlø vgs og Rubbestadnes vgs vert slått saman til ein skule på Rubbestadneset.
- Øystese vgs og Norheimsund vgs vert slått saman til ny skule i Norheimsund.
- Lønborg vgs og U. Pihl vgs vert lagt ned når ny Åsane vgs står klar.
- Fana gymnas vert lagt ned i 2016.
- Årstad vgs opprettar studieførebuande utdanningsprogram.
- Yrkesfaget MK vert studieførebuande utdanningsprogram frå og med hausten 2016.
- *Studiespesialisering med formgjevingsfag (ST-FO)* vert erstatta av eit nytt studieførebuande utdanningsprogram frå hausten 2016; *Kunst, design og arkitektur (KDA)*

REGION	SKULE	Elevtal 2015/16	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
NORDHORDL.	Austrheim vgs	264					45	30										90	195
	Knarvik vgs	1023		48	105	75	60	120										340	943
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs	330			60			60							90			90	300
	Osterøy vgs	183		12		30	30	30				60						90	252
BERGEN NORD	Åsane vgs*	541	50	60	75		90	195		75	105	150	90			180		735	1070
	Tertnes vgs*	651																735	735
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs	1041		18								135	60	90				720	1023
	Bergen Katedralskole	527		50														648	698
	Bergen maritime vgs	279					165					240							405
	Årstad vgs	899	50	62		165	105	360		60		150	60			90	180		1282
BERGEN SØR	Austevoll vgs	139		4				15	45			45						30	139
	Langhaugen vgs	607												180				450	630
	Nordahl Grieg vgs*	1167	50	16				165						180				595	1006
	Sandsli vgs	521		10						90								430	530
	Slåtthaug vgs	483			135	90	135	150				165	90						765
	Stend vgs	451		88					120		90					180			478
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs	484		8				120							180			270	578
	Laksevåg vgs	714		40	105		45					120	90	90				270	760
	Olsvikåsen vgs	530		30		75		105								90	270	570	
ASKØY	Askøy vgs	547		28	105		60	120				105						425	843
SOTRA	Sotra vgs	807		32	45	45	75	120		60		105				90		360	932
OS - FUSA	Fusa vgs	236		5				60	30	30		75					90		290
	Os gymnas	236																345	345
	Os vgs**	464		11	120		75	120			120	180							626
SUNNHORDL.	Bømlø/Rubbestadnes	431	15				105	90			45	90						180	525
	Filtjar vgs	248				30		120		30			30						210
	Stord vgs	809	35	62	60		120				15	60	60	90	90	90		450	1132
KVINNHERAD	Kvinnherad vgs	402	10	4	45		30	60		30		45	30					180	434
ODDA	Odda vgs	329	10	12	15		30	30				45						135	277
KVAM	Ny Kvam vgs	296	10	12	30		30	30				30						135	277
VOSS	Hjeltnes vgs	17				15			30										45
	Nye Voss gymnas*	474	20			30		60			30		45		45	135	90	180	635
	Nye Voss vgs*	404		16	45		30		135	30		75							331
ETNE-SVEIO	Etne vgs	82				30						30	20			10			90
		16616	300	578	945	585	1230	2160	360	405	540	1935	635	540	495	685	360	7598	19351

Tabell 6.2: Oversikt vedteken skulestruktur med utgangspunkt i regionssentra.

*) Elevar frå skular som vert lagt ned, er fordelt på skulane som utdanningstilboda vert flytta til.

***) Os vgs har 90 plassar på landslinje TIP, Anleggsmaskin. Dette elevtalet er lagt inn i tabellen.

6.3 Alternativ 1, revidert skulestruktur

Utgangspunktet for rulleringa er gjeldande Skulebruksplan og dei vedtaka for skulestruktur som vart gjort ved handsaminga i 2012 og 2013, og i tillegg nye vedtak som har hatt verknad på strukturen etter dette. Hovudmålet i arbeidet har vore å utarbeide eit rullert forslag til skulestruktur i 2030.

I rulleringa vert det tatt omsyn til endringar i føresetnadene for skule- og tilbodsstrukturen, og alternativ 1 viser ein struktur som har til føremål å svare på utfordringane.

Med alternativ 1 vert talet på vidaregåande skular redusert frå 34 (alternativ 0) til 29. Nedlegging av skular fører i seg sjølv ikkje til at utdanningstilbod vert flytta ut frå regionen. Jamfør kriteriet om å oppretthalde eit breitt tilbod i alle regionane.

Følgjande skular er føreslått nedlagt/slått saman:

- Austrheim vgs vert lagt ned. Tilboda vert flytta til Knarvik vgs.
- Bergen maritime vgs: Det vidaregåande utdanningstilbodet vert lagt ned, og fagskulane vert samlokalisert på Nedre Nygård.
- Rubbestadnes vgs og Fitjar vgs vert lagt ned. Tilboda vert flytta til Stord vgs
- Etne vgs vert lagt ned. Samarbeid med Rogaland fylke vert vidareført. Prosess for vurdering av mogleg felles framtidig skule for Vindafjord og Etne vert vidareført.
- Hjeltnes vgs vert lagt ned. Tilbodet vert flytta til Voss vgs.
- DH vert lagt ned ved Osterøy vgs, Olsvikåsen vgs og Slåtthaug vgs.

REGION	SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST			
NORDHORDL.	Austrheim vgs																	0		
	Knarvik vgs		48	105	75	60	120				135	60						360	963	
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs		8	60			60					90						90	308	
	Osterøy vgs		12			30	30			60								90	222	
BERGEN NORD	Åsane vgs*	50	60	120		90	210			105	90	90			180			630	995	
	Tertnes vgs*																	630	630	
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs		20							135		60	90					720	1025	
	Bergen Katedralskole	50																648	698	
	Bergen maritime vgs																	0	0	
	Årstad vgs	50	62		165	105	360				150	60				90	180	1222	1222	
BERGEN SØR	Austevoll vgs		4				15	45			45							30	139	
	Langhaugen vgs												180					450	630	
	Nordahl Grieg vgs*	50	16				165						180					630	1041	
	Sandsli vgs		10						165									450	625	
	Slåtthaug vgs		12	135		135	150				165	90							687	687
	Stend vgs		88					120		90					180				478	478
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs		8				120							180				360	668	
	Laksevåg vgs		60	105		45					120								330	330
	Olsvikåsen vgs		40				105									90	360	595	595	
ASKØY	Askøy vgs		28	105		60	120				105							540	958	
SOTRA	Sotra vgs		32	45	45	75	120		60		105				90			540	1112	
OS - FUSA	Fusa vgs		5				60	30	30		75					90			290	
	Os gymnas																	360	360	
	Os vgs		11	120		75	120			120	180								626	626
SUNNHORDL.	Bømlø vgs						90											180	270	
	Rubbestadnes vgs																		0	0
	Fitjar vgs																		0	0
	Stord vgs	35	62	60	30	150	120		30	45	120	60	90	90	90			360	1342	1342
KVINNHHERAD	Kvinnherad vgs	10	16	45		30	60				45	30						180	416	
ODDA	Odda vgs	10	12	15		30	30				45							135	277	
KVAM	Ny Kvam vgs	10	12			30	30				30							135	247	
VOSS	Hjeltnes vgs																		0	0
	Nye Voss gymnas*	20			45		60			30		45		45	135	90	180	650	650	
	Nye Voss vgs*		20	45		30		135	30		75								335	335
ETNE - SVEIO	Etne vgs																		0	0
		285	646	960	360	945	2145	330	315	525	1545	495	450	495	675	360	7608	18139	18139	

Tabell 6.3: Oversikt framtidig skulestruktur alternativ 1, med dimensjonert elevtal. ST-tilboda ved Katedralskolen, Odda og Kvam avvik frå klassetalet på 30. Ved Katedralskolen er årsaka storleiken på IB-klassene, medan talet på elevplassar ved Odda vgs og Kvam vgs er tilpassa behovet.

6.3.1 Region Nordhordland

Skuleåret 2015/16 er til saman 1287 elevar på dei to skulane i regionen. Knarvik vgs har 1023, medan Austrheim har 264 elevar.

I alternativ 1 blir det foreslått å leggje ned Austrheim vgs og samle utdanningstilbodet for regionen i Knarvik.

Region:	NORDHORDLAND	Regionsenter:	Knarvik
Kommunar:	Lindås, Austrheim, Fedje, Radøy, Meland, Masfjorden og Modalen		
Skular:	Austrheim vgs og Knarvik vgs		

Elevgrunnlaget

Prognoseframskrivinga for region Nordhordland viser at det er forventta noko auke i elevtalet fram mot 2030 (jf. kap 3 *Elevtalsutvikling*). Elevtalsauken kjem i dei sørlege områda i Meland og Lindås. Omkring 70% av elevgrunnlaget i regionen kjem frå kommunane Meland og Lindås.

I dei nordlege kommunane Fedje og Austrheim er det venta nedgang i elevtalet. I Modalen, Masfjorden og Radøy er det venta at elevtalet vil halde seg relativt stabilt på dagens nivå.

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1200 elevar frå region Nordhordland i offentlege vidaregåande skular. 77% av desse elevane nyttar skuletilbod i eigen region, medan 23% vel tilbod i andre regionar.

Eigne elevar i egne skular	77 %	I andre regionar	23 %
----------------------------	------	------------------	------

Elevane frå Nordhordland utgjer vel 70% av elevane ved skulane her. Ca 25% kjem frå andre regionar i fylket og ca 3% kjem frå andre fylke (dei fleste frå Sogn og Fjordane). Austrheim vgs har høgast del elevar frå eigen region (ca 85%).

Talet på tilreisande elevar (frå andre regionar i Hordaland og frå andre fylke) er noko høgare enn talet på elevar som reiser frå Nordhordland til utdanningstilbod andre stadar. Ein stor del av dei tilreisande elevane kjem frå Bergen kommune.

6.3.1.1 Austrheim vgs

Skulen vert lagt ned.

Skuleåret 2015/16 er det 264 elevar ved Austrheim vgs. Omlag 30% av elevane kjem frå Austrheim kommune, omlag 45% frå nabokommunane i sør, Radøy, Meland og Lindås og omkring 20% kjem frå nabokommunane i nord; Fedje, Gulen og Masfjorden.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognose for Austrheim kommune viser ein forventta nedgang i elevtalet fram mot 2030. Den same tendensen gjer seg gjeldande for nabokommunen Fedje, medan talet heldt seg relativt stabilt i Masfjorden. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje at dei vidaregåande skulane skal ha færre enn 300 elevar (Jf. kap. 5.4). Med låge prognosetal er det lite truleg at elevtalet vil auke ved Austrheim vgs i framtida.

Reisetid- og avstand

Dersom skulen vert lagt ned, vert Knarvik vgs den einaste vidaregåande skulen i regionen. For elevar busett i kommunar sør for Austrheim vil det verte liten skilnad i reisetid til skulen. Dette gjeld i hovudsak elevar frå Radøy, Meland og Lindås.

Elevar busett i Austrheim kommune vil få vesentleg lengre skuleveg, men dei aller fleste vil få ei reisetid innanfor gjeldande føringar (Jf. vedlegg 3).

Elevar busett på Fedje og vest i Masfjorden (Hosteland) vil få vesentleg lengre reisetid enn i dag, og blir avhengig av både båt- og busskysse for å kome seg til skulen. Lang reisetid for desse elevane kan føre til at elevar på Vg1 vert borte buarar.

Skulebygget

Det er avdekket eit stor vedlikehaldsetterslep ved Austrheim vgs. Undersøkingar viser at kostnadene knytt til rehabilitering er så høge at det vil svare seg å byggje nytt framfor å rehabiliter eksisterande bygg. Kostnader knytt til nye areal for TIP er rekna for å vere særleg kostnadskrevjande verkstadareal. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til fakta-arka.

Utdanningstilbod Austrheim vgs:

- **Elektrofag (EL)**
Skulen har tilbod på Vg1 Elektrofag, Vg2 Automatisering og Vg3 Automatiseringsfaget.
- **Restaurant- og matfag (RM)**
Skulen har tilbod på Vg1 Restaurant- og matfag og på Vg2 Kokk og servitør.
- **Helse og oppveksfag (HO)**
Skulen har HO-tilbod på Vg1 og Vg2 Barne- og ungdomsarbeiderfag.
- **Teknikk og Industriell produksjon (TIP)**
Skulen har TIP-tilbod på Vg1 og Vg2 Industriteknologi og Kjøretøy.
- **Studiespesialisering (ST)**
Skulen har ST-tilbod for ein klasse pr. trinn. Knarvik vgs kan gje same tilbodet.

6.3.1.2 Knarvik vgs

Det ligg føre planar om samlokalisering av skulen på Juvikstølen. Gjennomføring av dette heng mellom anna saman med usikkerheit knytt til reguleringsplan for Kvernhusmyrane og området rundt. Ved samlokalisering og utviding av skulen må det takast omsyn til at elevane som i dag soknar til Austrheim vgs, får eit skuletilbod i tråd med kriteria i skulebruksplanen.

6.3.1.3 Framtidig utdanningstilbod i region Nordhordland

Det vil bli gitt tilbod innan alle dei store yrkesfaga. Tilbod innan SS vert tilgjengeleg i naboregionane Bergen-Nord og Sentrum, medan RM-tilbod vert å finne i Bergen Sør. NA vert berre gitt som regionalt fylkestilbod.

Dei studieførebuande faga MK, MD, ID og KDA vert tilgjengelege i bydelsregionar i Bergen. PB og ST vert vidareført i Knarvik.

6.3.1.4 Samandrag region Nordhordland.

Elevtalsprognosane tyder på at det vert færre elevar på Austrheim vgs i framtida. Dersom Austrheim vgs vert lagt ned, vil elevar busett på Fedje og vest i Masfjorden (Hosteland) få lengre skuleveg enn tilrådinga. Det store fleirtalet elevar vil få ei reisetid som ligg innanfor tilrådd ramme, og elevane busett lengst i sør får uforandra eller kortare reisetid.

Tilstanden på skuleanlegget på Austrheim er dårleg. Vidare drift ved skulen vil krevje at dagens skulebygg vert erstatta av nybygg. Framtidig dimensjonering av skulen er sett til 195 elevar (jf. Kartleggingsrapport Skule- og utdanningstilbod HFK 2016). Framtidig elevtal ligg godt under tilrådd minstenorm for HFK.

Når nye Åsane vgs etter planen står klar hausten 2020, vil denne ha god kapasitet til å kunne avlaste Knarvik vgs. Mange av elevane frå Åsane, og Bergen elles, som i dag reiser til Knarvik, vil kunne få eit tilsvarende godt tilbod i Åsane. Samla kapasitet på skulane i Åsane og Nordhordland vil vere stor nok til å kunne dekkje behovet for desse regionane i heile perioden fram til 2030. Innan 2030 skal nybygg stå klart på Juvikstølen i Knarvik (erstatningsbygg for Kvernhusmyrane).

Tilbodet ved Austrheim vgs bør om mogleg vidareførast fram til nye Åsane vgs står klar til bruk.

6.3.2 Arna region

Samla elevtal for dei to skulane er 513 elevar i skuleåret 2015/16. 330 av desse går på skule i Arna, medan Osterøy vgs har 183 elevar.

Fylkestinget har vedtatt at det på sikt skal byggjast ny kombinert skule i Arna som erstatning for dei to eksisterande skulane Arna vgs og Garnes vgs. I denne samanheng må det vurderast om også tilbodet ved Osterøy vgs skal flyttast til den nye skulen, men ei slik utviding er det ikkje tatt høgde for i investeringsprogrammet.

Region:	ARNA REGION	Regionalt senter:	Indre Arna
Kommunar:	Arna bydel (Bergen kommune), Osterøy, Vaksdal og Samnanger		
Skular:	Arna/Garnes vgs og Osterøy vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1000 elevar frå Arna region i offentlege vidaregåande skular. Ca 45% av desse elevane nyttar tilbod i ein av skulane her, medan ca 55% nyttar utdanningstilbod utanfor regionen. Elevar som nyttar tilbod andre stader, reiser helst til skular i Bergen kommune. Frå Samnanger reiser det nokre elevar til Fusa vgs og Norheimsund vgs, medan mange elevar frå Vaksdal nyttar tilbod på Voss.

Fordeling av elevar frå Arna region i offentleg vidaregåande skule:

Eigne elevar i egne skular	45 %	Eigne elevar i andre regionar	55 %
----------------------------	------	-------------------------------	------

Elevane frå eigen region utgjer nær 85% av elevane ved skulane her, men talet på elevar som reiser ut frå regionen for å nytte skuletilbod andre stader, er altså høgt.

Elevgrunnlaget

Prognoseframskrivinga for Arna region viser ein forventta nedgang i elevtalet fram til omkring 2024, men talet vil auke til dagens nivå fram mot 2030. Auken kjem i hovudsak i Arna bydel, men også noko i Osterøy. Elevtalet i Samnanger er venta å halde seg relativt stabilt, medan det er venta nedgang i Vaksdal kommune (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.2.1 Osterøy vgs

Skuleåret 2015/16 er det 183 elevar ved Osterøy vgs. Ca 80% av elevane kjem frå Osterøy kommune. Av dei resterande elevane kjem dei fleste frå regionen elles og frå Bergen kommune.

Nær 55% av elevane frå Osterøy vel utdanningstilbod utanfor eigen kommune. Dei fleste nyttar tilbod i Bergen kommune (utanfor Arna bydel), men det er også elevar som reiser til Voss og til Knarvik.

Reisetid og -avstand

Dersom tilbodet ved Osterøy vgs i framtida vert flytta til ny felles skule i Indre Arna, vil størsteparten av elevane få lengre skuleveg enn i dag, men dei aller fleste vil få ei reisetid innanfor tilrådd norm (Jf. vedlegg 3). Berre ei lita gruppe elevar busett heilt nord på Osterøy vil få reisetid utover tilrådd makstid.

Elevtalsutvikling

På bakgrunn av elevprognosen må ein forvente noko nedgang i elevtalet ved Osterøy vgs dei neste 10 åra, medan talet truleg vil ta seg opp att i siste del av planperioden (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling). Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje at dei vidaregåande skulane skal ha færre enn 300 elevar (Jf. Kap 5.4). Det er lite truleg at elevtalet ved Osterøy vgs vil nå dette nivået.

Skulebygget

Skulebygget på Osterøy er frå 2010 og vert rekna å vere i god stand. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til fakta-arka. Det er ikkje planar om større bygningsmessige tiltak ved skulen i planperioden (fram mot 2030).

6.3.2.2 Arna og Garnes vgs:

Det ligg føre vedtak om at det på sikt skal byggjast ny kombinert skule i Arna som erstatning før dei to eksisterande skulane Arna og Garnes. Saka vil verte politisk handsama i samband med rullering av SBP 2016.

Dersom dagens tilbud ved Osterøy vgs skal bli ein del av den nye skulen i Arna region, vil det vere behov for eit større nytt skulebygg i Indre Arna utover areala som må til for å erstatte eksisterande skulestader. Det må mellom anna gjerast ei vurdering av om ein skal etablere verkstadareal for *TIP* dersom faget vert ein del av utdanningstilbodet ved ny skule i Arna.

På bakgrunn av elevprognosen må ein forvente noko nedgang i elevtalet dei neste 10 åra, medan talet vil ta seg opp att i siste del av planperioden (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling). Dette gjev ikkje grunnlag for å auke dimensjoneringa av ein ny skule fordi det er sannsynleg mange elevar også i framtida vil velje skuletilbod i Bergen sentrum.

6.3.2.3 Framtidig utdanningstilbod i Arna region

Det blir gitt tilbud innan alle dei store yrkesfaga i regionen. Tilbod innan SS og RM vert tilgjengeleg i naboregionane Bergen Nord og Bergen Sentrum. NA vert berre gitt som regionalt fylkestilbod. Dei studieførebuande faga MD, ID, KDA og PB vert tilgjengelege i bydelsregionar i Bergen. MK og ST vert vidareført i Arna.

6.3.2.4 Samandrag Arna region

Elevtalsprognosane tyder på at det vert færre elevar på Osterøy vgs i framtida. Elevar busett heilt nord på Osterøy i området rundt Tyssebotnen og nordover vil få lang reiseveg til skuletilbod i Indre Arna, men det er berre eit fåtal elevar busett i dette området. Den store majoriteten av elevar frå Osterøy vil få ei reisetid innanfor gjeldande tilrådingar.

Elevtalet samla sett i regionen er relativt lågt. Samtidig søker mange elevar utdanningstilbod i nabokommunar. Med framtidig styrking av kollektivtilbodet til og frå Bergen sentrum er det lite som tyder på at talet på elevar som søker seg dit vert redusert i framtida.

Eit større fag- og elevmiljø på ny skule i Indre Arna vil vere eit godt alternativ for elevane i regionen.

6.3.3 Region Bergen Nord (Åsane bydel)

I tråd med politiske vedtak i fylkestinget vert det to offentlege vidaregåande skular i regionen når Nye Åsane vgs står ferdig. Samla elevtal i skulane er 1192 elevar skuleåret 2015/16 (inkl. skular som vert lagt ned og slått saman).

Alternativ 1 er basert på ei vidareføring av vedtatt skulestruktur for regionen.

Region:	BERGEN - NORD	Regionsenter:	Åsane
Kommunar:	Åsane bydel (Bergen kommune),		
Skular:	Nye Åsane vgs og Tertnes vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1400 elevar frå Åsane bydel i offentlege vidaregåande skular. Ca 50% av desse vel utdanningstilbod på ein av skulane i Åsane. Av dei resterande elevane reiser dei fleste til skular i andre bydelar og til Knarvik vgs.

Eigne elevar i egne skular: 48 %

Eigne elevar i andre regionar: 52 %

Omkring 60% av elevane på skulane i Åsane kjem frå eigen region, vel 25% frå Bergen kommune utanfor Åsane, i underkant av 10% kjem frå kommunane i Nordhordland medan dei resterande i hovudsak kjem frå fylket elles.

Elevtalsutvikling i Bergen-Nord

Åsane bydel er ein bydel i vekst. Det er venta ein svak nedgang i elevtalet fram mot 2020, men deretter er det venta auke fram mot 2030 (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.3.1 Tertnes vgs

Det er planlagt oppstart rehabilitering og utviding av Tertnes vgs i løpet av 2016 (Jf. vedtak i Fylkestinget 09.06.2015). Byggjearbeida skal vere ferdig til skulestart hausten 2018. Framtidig elevkapasitet ved skulen vert 630 elevar.

6.3.3.2 Nye Åsane vgs

Nye Åsane vgs skal etter planen takast i bruk hausten 2020. Skulen er planlagt med kapasitet til 1070 elevar. I alternativ 1 vert det foreslått å ikkje etablere RM, og elevtalet vert redusert til 995.

6.3.3.3 Utdanningstilboda ved skulane i Bergen-Nord

Samla sett vert det gitt tilbod innan alle dei store fagområda. Det vert ikkje DH- og RM- tilbod i Åsane. DH vert tilgjengeleg i Knarvik og Bergen sentrum, medan RM vert tilgjengeleg i Bergen sør. Tilbod innan MK, MD og KDA er tilgjengeleg i naboregionar, innanfor akseptabel reisetid. NA vert gitt som regionalt fylkestilbod.

6.3.3.4 Samandrag region Bergen-Nord

Innan skulestart hausten 2018 vil skulane i regionen vere klar til å dekkje samla opplæringstilbod for elevar i region Bergen-Nord. Skulane får samla kapasitet til å ta imot 1625 elevar. Dette er vesentleg høgare enn samla elevtal på skulane i regionen i dag.

Det er og forventat at større skular med breiare fagmiljø i Åsane vil vere eit attraktivt tilbod for fleire elevar frå regionen, og at fleire elevar difor vil velje utdanningstilbod i Åsane framfor å ønskje seg til tilsvarande tilbod i naboregionar.

6.3.4 Region Bergen Sentrum

Bydelssenter og Fylkessenter: Bergen

Det er fire offentlege vidaregåande skular i region Bergen Sentrum i dag. Samla elevtal for skulane 2015/16 er 2746. Dei fleste elevane kjem frå Bergen kommune: region Sentrum og bydelsregionane.

Sentrumsregionen har mange private skular, og dette gjer det spesielt utfordrande å definere rett tal på fylkeskommunale skuleplassar.

Bergen Maritime vgs vert lagt ned når dei to fagskulane samlast i eitt bygg på Nedre Nygård.

Region:	BERGEN - SENTRUM	Regionsenter:	Bergen
Kommunar:	Bergen (Bydelane Bergenhus og Årstad)		
Skular:	Amalie Skram vgs, Bergen Katedralskole, Bergen Maritime vgs og Årstad vgs.		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1100 elevar frå Bergen sentrum i offentlege vidaregåande skular. Knapt halvparten av desse vel utdanningstilbod på ein av skulane i sentrum. Av dei resterande elevane reiser dei fleste til skular i andre bydelar.

Eigne elevar i egne skular: 44 %

Eigne elevar i andre regionar: 56 %

Skulane i Bergen sentrum har ein stor del tilreisande elevar. Elevane frå Bergen-Sentrum utgjør berre omkring 20% av samla elevtal her.

Elevtalsutvikling i Bergen-Sentrum.

Elevtalsprognosen viser ein forventa auke i elevtalet med omkring 300 elevar fram mot 2030 i Bergen Sentrum. (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.4.1 Amalie Skram vgs

Amalie Skram vgs har nytt skulebygg (2014). Skulen har 1041 elevar skuleåret 2015/16.

6.3.4.2 Bergen Katedralskole

Skuleåret 2015/16 er det 527 elevar ved skulen. Byggjearbeid ved skulen skal vere ferdig til skulestart 2018. Når byggjearbeida er ferdig, får skulen utvida kapasitet på ST.

Vaksenopplæringscenteret ved skulen held til i nyrehabiliterede lokale i tidlegare Bergen Handelsgymnasium.

6.3.4.3 Årstad vgs

Det pågår eit stort ombyggings- og rehabiliteringsprosjekt som vil auke standarden på skulen betrakteleg. Av større tiltak er det no berre rehabilitering av C-blokka som står att. Dette arbeidet er planlagt gjennomført i løpet av planperioden.

Areal for utdanningsområdet Restaurant og matfag er blant lokala som framleis har stort behov for oppgradering/rehabilitering, samstundes er det overkapasitet av RM-plassar i Bergensregionen, og tilbodet blir difor lagt ned.

Fylkestinget har fatta vedtak om at det skal opprettast ST, KDA og PB ved Årstad vgs. Til saman er det i alternativ 1 dimensjonert for 330 plassar innan dei studieførebuande faga.

6.3.4.4 Bergen Maritime vgs

Skulen vert lagt ned.

Fagskulane ønskjer å samlokalisering på Nygårdstangen, og Fylkestinget har fatta vedtak om at det vert arbeidd vidare med alternativet for nytt felles skulebygg her. Det pågår eit reguleringsarbeid for tomta nord for dagens skulebygg. Her vil det vere mogleg å føre opp eit tilbygg som sikrar areal for eit nytt felles fagskulebygg. Denne løysinga vil ikkje gje nok plass til ein samla fagskule og det vidaregåande tilbodet som er der i dag. Bergen Maritime vgs vert difor lagt ned. Dei maritime programfaga på EL og TIP må

opprettast som fagtilbod ved ein av dei andre skulane i Bergen; til dømes ved Årstad, Laksevåg eller Åsane.

6.3.4.5 Utdanningstilboda ved skulane i Bergen-Sentrum

Samla sett vert det gitt tilbod innan dei fleste fagområda, både innan dei yrkesretta og dei studieførebuande faga. Unntaka er ID, NA, RM og BA, men desse tilboda finst i naboregionane (bydelar) nær Bergen sentrum.

I eit samarbeidsprosjekt der Høgskulen i Bergen, Hordaland Fylkeskommune, Helse Vest, Bergen kommune og idretten er aktørar vurderer ein om det er mogleg å etablere eit "Campus Bergen" i sentrum. Med sin nærleik til Høgskulen og eit mogleg framtidig idrettsanlegg på Nymark, kan Årstad vgs vere ein naturleg skule for ID.

6.3.4.6 Samandrag Bergen-sentrum

Elevsøkinga viser at utdanningstilboda i Bergen sentrum er attraktive. Elevtalet i skulane her er langt høgare enn talet på elevar som er busett i sentrumsregionen.

Sidan SBP 2012 har det vore gjennomført omfattande bygningsmessige tiltak ved skulane i Bergen sentrum. Amalie Skram vart opna hausten 2014, Årstad vgs har vore gjennom eit omfattande rehabiliteringsprosjekt, og ved Bergen Katedralskole er det starta opp arbeid for å auke kapasiteten. Det står att rehabilitering av C-blokka på Årstad vgs og arbeid i samband med samlokalisering av fagskulane.

Det er forventa elevtalsauke i Bergen-sentrum i åra fram mot 2030. Det same gjeld for region Bergen-sør som har gode kommunikasjonstilbod til og frå sentrum.

6.3.5 Region Bergen-Sør

Det er seks offentlege vidaregåande skular i region Bergen-Sør i dag. Samla elevtal for skulane 2015/16 er 3368 (inkl. elevar på Fana gymnas). Flest elevar er det ved Nordahl Grieg vgs med ca 850 elevar. Austevoll vgs er den minste skulen med ca 140 elevar. Dei andre skulane har mellom 450 og 650 elevar.

Region:	BERGEN - SØR	Regionalt senter:	Rådal
Kommunar:	Bydelane Fana og Ytrebygda (Bergen kommune) og Austevoll kommune		
Skular:	Austevoll vgs, Langhaugen vgs, Nordahl Grieg vgs, Sandsli vgs, Slåtthaug vgs, Stend vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca. 3100 elevar frå region Bergen-Sør i offentlege vidaregåande skular. Ca. 73% av desse elevane nyttar utdanningstilbod i eigen region. Av dei resterande vel dei fleste tilbod innan Stor-Bergen.

Eigne elevar i egne skular: 73 %

I andre regionar: 27 %

Skulane i Bergen-Sør har ein stor del tilreisande elevar. Nær 50% av elevane her kjem frå andre regionar, dei fleste av desse kjem frå dei andre bydelane i Bergen kommune. Sandsli vgs har størst andel elevar frå eigen region.

Elevtalsutvikling i Bergen-Sør

Elevtalsprognose for bydelane i region Bergen-Sør viser ein forventa auke i elevtalet utover i planperioden fram mot 2030 (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.5.1 Austevoll vgs

Austevoll vgs har eit elevtal som ligg godt under minstenorma som er sett for skulane i Hordaland, men det er vurdert som lite tenleg å flytte det fylkesregionale tilbodet innan Naturbruk maritime fag frå Austevoll til andre meir sentrale strom. Skulebygga er i god stand.

Lang reiseveg frå Austevoll til dei næraste alternative skulane er også eit viktig argument for ei vidareføring av skulen (Jf. vedlegg 3).

6.3.5.2 Langhaugen vgs

Skuleåret 2015/16 har skulen 607 elevar. Framtidig dimensjonering er sett til 630. Nær 80% av elevane kjem frå Bergen sentrum og Bergen sør, medan omkring 15% kjem frå andre bydelar i Bergen. Skulen har behov for utbetring av areala til musikk og kroppsøving.

6.3.5.3 Nordahl Grieg vgs

Skuleåret 2015/16 har skulen 855 elevar. Framtidig dimensjonering er sett til 1041. Ca 70% av elevane kjem frå Bergen sør.

6.3.5.4 Sandsli vgs

Skuleåret 2015/16 har skulen 521 elevar. Framtidig dimensjonering er sett til 625. 85% av elevane kjem frå region Bergen-sør.

Skulen har kapasitet til å ta imot fleire elevar på RM. Skulen er stor og gjev moglegheit for påbygg om nødvendig.

6.3.5.5 Slåtthaug vgs

Slåtthaug vgs har 483 elevar skuleåret 2015/16. Framtidig dimensjonering er sett til 687. Ca 55% av elevane kjem frå region Bergen-sør. Deler av bygningsmassen er planlagt rehabilitert i planperioden.

6.3.5.6 Stend vgs

Skuleåret 2015/16 har skulen 451 elevar. Framtidig dimensjonering er sett til 478. Nær 50% av elevane kjem frå region Bergen-sør, medan 25% kjem frå andre bydelsregionar i Stor-Bergen. Skulen har også eit fylkesregionalt tilbod innan NA og får difor relativt mange elevar frå andre regionar.

6.3.5.7 Utdanningstilboda ved skulane i Bergen-Sør

Det vert det gitt tilbod innan alle fagområda utan KDA. Årstad vgs i Bergen Sentrum har KDA-tilbod, og skulen har ei lokalisering som er lett tilgjengeleg for elevar i region Bergen-Sør.

6.3.5.8 Samandrag Bergen-Sør

Elevar frå region Bergen-Sør vel i stor grad utdanningstilbod i eigen bydel, men omkring 800 elevar her frå vel tilbod andre stadar. Dei fleste av desse elevane finn vi på skular i Bergen sentrum. Omkring 1600 elevar kjem frå andre regionar for å nytte skuletilbod i Bergen-sør (tal frå skuleåret 2015/16).

Det er forventa at elevtalet i regionen vil auke i perioden fram mot 2030. Skulane i Bergen-Sør vil ikkje ha kapasitet til å ta denne auken dersom tilsig av elevar frå andre regionar vil halde fram etter same mønster som i dag. På den andre sida er det korte avstandar mellom skulestadene i Stor-Bergen, og kollektivtilbod mellom bydelane er godt utbygd. Det fører til at skuletilbod i naboregion reknast som eit godt alternativ for mange elevar. Samla sett vil skulane i Stor-Bergen ha kapasitet nok til å kunne ta imot forventa auke i elevtal for heile Stor-Bergen fram mot 2030.

6.3.6 Region Bergen-Vest

Det er tre offentlege vidaregåande skular i region Bergen Vest i dag. Samla elevtal skuleåret 2015/16 er 1728 elevar. Det er ledig kapasitet ved skulane i regionen fordi mange elevar herfrå vel studietilbod i Bergen-Sentrum og Bergen-Sør framfor tilbod ved ein av dei lokale skulane. Dette resulterer i at det er for mange ST-plassar slik at ingen av skulane får fylt opp klassane.

Skulane i regionen får samla sett ca 25% av elevane sine frå øyane i vest. Når nye skular vert tatt i bruk både på Sotra og Askøy i siste del av planperioden, er det sannsynleg at fleire vil søkje seg til utdanningstilbod der, og elevgrunnlaget i Bergen-Vest vert følgjeleg svekka.

For å oppretthalde hensiktsmessige fagmiljø på skulane i regionen er det nødvendig å fase ut ST-tilbodet ved ein av skulane.

I alternativ 1 vert det føreslått å leggje ned ST, PB og MK ved Laksevåg vgs.

Region:	BERGEN - Vest	Bydelssenter:	Loddefjord og Oasen
Kommunar:	Bydelane Laksevåg og Fyllingsdalen (Bergen kommune)		
Skular:	Laksevåg vgs, Olsvikåsen vgs og Fyllingsdalen vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 2140 elevar frå region Bergen Vest i offentlege vidaregåande skular. Nær halvparten av desse elevane nyttar utdanningstilbod ved ein av skulane her. Av dei resterande vel dei fleste tilbod i Bergen-Sentrum eller Bergen-Sør.

Eigne elevar i egne skular: 47 %

Eigne elevar i andre regionar: 53 %

Elevar busett i region Bergen-Vest utgjer nær 60% av elevtalet i skulane her. Av dei resterande kjem omkring 17% frå andre regionar i Bergen kommune og vel 20% frå naboregionane i vest; Askøy og Sotra. Olsvikåsen vgs er den av skulane som har flest elevar frå eigen bydel.

Elevtalsutvikling i Bergen-Vest

Elevtalsprognose for bydelane i region Bergen-Vest viser ein forventa nedgang i elevtalet dei næraste åra, men at talet tar seg noko opp igjen fram mot 2030. Samla sett for planperioden er det venta ein svak nedgang i elevtalet. (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.6.1 Olsvikåsen vgs

Skuleåret 2015/16 er det 530 elevar ved Olsvikåsen vgs. Vel 60% av elevane kjem frå region Bergen-Vest, og dei aller fleste av desse kjem frå Loddefjord bydel. Vel 25% av elevane kjem frå Askøy og Sotra, medan dei resterande elevane i hovudsak kjem frå andre bydelar i Bergen og frå fylket elles.

Skulebygget ved Olsvikåsen vgs er frå 2006. Bygget har god funksjonsdyktighet og er i gjennomgåande god stand. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka (vedlegg 7).

6.3.6.2 Laksevåg vgs

Studieførebuande utdanningsprogram vert lagt ned.

Laksevåg vgs har 714 elevar skuleåret 2015/16. Nær 60% av elevane kjem frå region Bergen-Vest. Ca 10% kjem frå andre bydelar i Bergen, medan nær 25% kjem frå øyane i vest (Sotra og Askøy). Det gamle Gymnasbygget (A-bygget) har behov for omfattande rehabilitering. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til fakta-arka.

I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned dei studieførebuande utdanningsprogramma ved skulen.

6.3.6.3 Fyllingsdalen vgs

Skuleåret 2015/16 er det 484 elevar ved Fyllingsdalen vgs. Ca 55% av elevane kjem frå eigen region, 30% kjem frå andre bydelar i Bergen, medan knappe 10% kjem frå øyane i vest (Sotra og Askøy).

6.3.6.4 Utdanningstilboda ved skulane i Bergen-Vest

Samla sett vert det gitt tilbod innan alle dei store fagområda, både innan dei yrkesretta og dei studieførebuande faga. Unntaka er NA, RM, SS, MK, PB og ID, men desse tilboda finst i naboregionar.

6.3.6.5 Samandrag region Bergen-Vest

Det er overkapasitet på skuleplassar i regionen, og mange elevar herfrå vel studietilbod i Bergen sentrum framfor tilbod ved ein av dei lokale skulane. Det ligg føre vedtak om nye skulebygg og framtidig utviding av kapasiteten ved Sotra vgs og Askøy vgs. Dersom det ikkje vert gjennomført tiltak for å redusere overkapasiteten i Bergen-Vest, må i staden framtidig kapasitet ved dei nye naboskulane i vest justerast ned.

To hovudtiltak har vore vurdert for å redusere overkapasiteten i region Bergen-Vest. Det eine er å leggje ned Olsvikåsen vgs, og det andre er å leggje ned dei studieførebuande faga ST, PB og MK ved Laksevåg vgs.

Berre 15% av elevane ved Laksevåg vgs har bustadadresse Laksevåg, medan nær 30% av elevane kjem frå Loddefjord bydel. Ei nedlegging av ST-tilbodet ved Laksevåg vil styrke ST-tilbodet ved dei to andre skulane i regionen, samtidig som tilreisande elevar innan dei studieførebuande faga ikkje får vesentleg lengre reiseveg dersom dei må nytte skuletilbod på ein av naboskulane.

Olsvikåsen vidaregåande skule er den nyaste av skulane i regionen (2006) men har ei lite gunstig plassering i høve til kollektivtilbod og trafikknutepunkt. Det gamle gymnasbygget ved Laksevåg vgs har behov for omfattande oppgradering/rehabilitering. Kostnadmessig vil det truleg vere ei langt dyrare løysing å rehabiliterer Laksevåg vgs enn å vidareføre Olsvikåsen vgs.

6.3.7 Region Askøy

Askøy vgs er lokalisert i regionsenteret Kleppestø og er den einaste vidaregåande skulen i regionen. Skuleåret 2015/16 er det 547 elevar på skulen. Kapasiteten ved skulen er fullt utnytta. Det ligg føre vedtak om rehabilitering og tilbygg for Askøy vgs.

Region:	ASKØY	Regionalt senter:	Kleppestø
Kommunar:	Askøy kommune		
Skular:	Askøy vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 900 elevar frå Region Askøy i offentlege vidaregåande skular. Nær 50% av elevane i region Askøy vel skuletilbod i andre regionar. Dei fleste er å finne på skular i Bergen sentrum og Bergen-vest.

Eigne elevar i eigen skule:	53 %	Elevar i andre regionar:	47 %
-----------------------------	------	--------------------------	------

Askøy vgs får ca 85% av elevane sine frå eigen region. Omkring 10% av elevane kjem frå Bergen kommune, og av desse kjem ca. halvparten frå Bergen-vest. Ei lita gruppe elevar kjem frå Fjell kommune, medan dei resterande kjem frå heile fylket.

Elevtalsutvikling

Askøy kommune er ein kommune i vekst. Elevtalsprognosane for Askøy peiker på ein forventa auke i elevtalet på opp mot 20% fram 2030 (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.7.1 Askøy vgs

Skulen har behov for omfattande oppgradering og tilbygg. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga blir det vist til fakta-arka.

Skulen har i dag nær 550 elevar og har ikkje kapasitet til å ta inn fleire. Nær halvparten av elevane frå Askøy reiser i dag ut frå regionen for å gå på skule andre stader.

Ei framtidig utviding av kapasiteten vil vere viktig for å kunne møte forventa elevtalsauke i regionen, og for å bidra til at ein større del av elevane kan nytte skuletilbod i sitt nærområde. I eit miljøperspektiv vil ein reduksjon av talet på reisande elevar over bruene i vest også vere positivt.

6.3.7.2 Framtidig utdanningstilbod

Det vil bli gitt tilbod innan alle dei store yrkesfaga, medan tilbod innan DH, SS og RM vert tilgjengeleg i naboregionane Sotra og Bergen-Sentrum. NA vert berre gitt som regionale fylkestilbod. Dei studieførebuande faga MK, MD, ID, KDA og PB vert tilgjengelege i naboregionane Sotra, Bergen-Vest og -Sentrum. ST vert vidareført ved Askøy vgs.

6.3.7.3 Samandrag region Askøy

Det er forventa elevtalsauke på Askøy i løpet av planperioden fram mot 2030. Det ligg føre planar om rehabilitering og påbygg i løpet av planperioden, noko som vil føre til at fleire elevar vel skuletilbod her. Det vil framleis vere nødvendig for mange elevar å reise ut av regionen for å nytte tilbod som ikkje vert gjeve i eigen region.

Framtidig dimensjonering av Askøy vgs må sjåast i samanheng med dimensjoneringa av skulane i Bergen-Vest og Sotra.

6.3.8 Region Sotra

Sotra vgs er den einaste vidaregåande skulen i regionen. Skulen har to avdelingar, ein ved regionscenteret på Straume og ein i Sund. Skuleåret 2015/16 er det samla 807 elevar ved dei to skulestadene.

Region:	SOTRA	Regionalt senter:	Straume
Kommunar:	Fjell, Sund og Øygarden		
Skular:	Sotra vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1250 elevar frå region Sotra i offentlege vidaregåande skular. Nær 45% av elevane i region Sotra vel skuletilbod i andre regionar. Dei fleste er å finne på skular i Bergen-sentrum og Bergen-vest.

Eigne elevar i eigen skule:	56 %	Elevar i andre regionar:	44 %
-----------------------------	------	--------------------------	------

Dei aller fleste elevane som nyttar tilbod ved Sotra vgs skuleåret 2015/16, kjem frå dei tre kommunane i regionen (85%). I underkant av 10% av elevane kjem frå Bergen kommune. Omkring 5% av elevane på Sotra vgs kjem frå Askøy kommune. Dei resterande elevane kjem frå heile fylket og frå landet elles.

Elevtalsutvikling

På kort sikt viser elevtalsprognosen for regionen ein forventa svak nedgang i elevtalet, men frå omkring 2025 vil elevtalsgrunnlaget igjen vere omkring dagens nivå. Det er venta vidare vekst fram mot slutten av planperioden i 2030. Utviklinga ser relativt lik ut for dei tre kommunane i regionen. (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.8.1 Sotra vgs

Skulen har to avdelingar, ein ved regionscenteret på Straume og ein i Sund. Det ligg føre vedtak om at skulen skal samlokaliseras på Bildøy/Straume. Nytt skulebygg bør få ei sentral plassering i nær tilknytning til trafikknutepunkt.

6.3.8.2 Framtidig utdanningstilbod

Det vil bli gitt tilbod innan alle dei store yrkesfaga, medan tilbod innan SS vert tilgjengeleg i Bergen-Sentrum. NA vert berre gitt som regionale fylkestilbod. Dei studieførebuande faga MK, MD, KDA og PB vert tilgjengelege i naboregionane Bergen-Vest og -Sentrum. ST og idrett vert vidareført ved Sotra vgs.

6.3.8.3 Samandrag region Sotra

Det er forventa elevtalsauke i regionen i løpet av planperioden fram mot 2030. Det ligg føre planar om nytt skulebygg i løpet av planperioden, noko som truleg vil føre til at fleire elevar vel skuletilbod her. Ei framtidig utviding av kapasiteten vil vere viktig for å kunne møte forventa elevtalsauke i regionen, og for å bidra til at ein større del av elevane kan nytte skuletilbod i sitt nærrområde. I eit miljøperspektiv vil ein reduksjon av talet på reisande elevar over bruene i vest også vere positivt.

Framtidig dimensjonering av Sotra vgs må sjåast i samanheng med dimensjoneringa av skulane i Bergen-Vest og Askøy.

6.3.9 Region Os/Fusa

Det er tre offentlege vidaregåande skular i regionen i dag. To av skulane ligg i regionsenteret Osøyro, medan den tredje ligg i Eikelandsosen, kommunesenteret i Fusa. Samla elevtal skuleåret 2015/16 er 936 elevar.

Det er ikkje lagt fram forslag om endringar i skulestrukturen i regionen.

Region:	OS/FUSA	Regionalt senter:	Osøyro
Kommunar:	Os og Fusa		
Skular:	Os vgs, Os gymnas og Fusa vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 850 elevar frå region Os/Fusa i offentlege vidaregåande skular. Av desse reiser omkring 25% av elevane til utdanningstilbod utanfor eigen region. Dei fleste reiser til skular i Bergen-Sør og Bergen-Sentrum.

Eigne elevar i eigen skule:	76 %	i andre regionar:	24 %
-----------------------------	------	-------------------	------

Elevar frå eigen region utgjør nær 70% av elevane ved skulane her. Fusa vgs får mellom anna elevar frå Samnanger, Kvinnherad og Tysnes.

Os vgs har relativt mange elevar frå andre regionar og fylke som søker seg hit til landslinja på TIP.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognose for region Os/Fusa viser ein forventa auke i elevtalet i løpet av planperioden fram mot 2030. Det er venta at auken kjem i Os kommune.

I Fusa er det forventa noko auke i første del av perioden, medan elevtalet vert noko lågare igjen fram mot 2030 (Jf. kap 3Elevtalsutvikling).

6.3.9.1 Os vgs

I samband med oppfølging av vedtak etter SBP 2012 har samlokalisering med Os gymnas blitt vurdert, men store kostnader knytt til nybygg/ombygging tilseier at dagens organisering vert vidareført. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka (vedlegg 7).

6.3.9.2 Os gymnas

Os gymnas har eit elevtal som ligg godt under minstenorma som Hordaland fylkeskommune har sett for skulane sine. Samlokalisering med Os vgs har vore vurdert, men store kostnader knytt til nybygg/ombygging tilseier at dagens organisering vert vidareført. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka (vedlegg 7).

6.3.9.3 Fusa vgs

Fusa vgs har eit elevtal som ligg godt under minstenorma som Hordaland fylkeskommune har sett for skulane sine. På ei anna side dekkjer skulen eit stort geografisk område, og mange elevar ville få reiseveg langt utover tilrådinga dersom skulen vart lagt ned (Jf. vedlegg 3). Det vert og vurdert som lite tenleg å flytte regionstilbodet innan Naturbruk maritime fag frå Fusa til andre meir sentrale strom.

Hordaland fylkeskommune leiger skulebygga i Eikelandsosen. Hovudbygget er frå 1997, medan eit tilbygg blei tatt i bruk i 2011. Skulebygga held god stand. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka (vedlegg 7).

6.3.9.4 Utdanningstilboda ved skulane i Os og Fusa

Samla sett vert det gitt tilbod innan alle dei store yrkesfaga, utanom DH. Innan dei studieførebuande faga gis det tilbod om KDA og ST. Næraste tilbod innan dei studieførebuande faga MK, MD, PB og ID er å finne i naboregion Bergen-Sør.

6.3.9.5 Samandrag region Os/Fusa

To av dei tre skulane i regionen, Os gymnas og Fusa vgs, har elevtal som er lågare enn anbefalt minstenorm i Hordaland fylkeskommune (Jf. Kap 5.4). Samtidig viser elevtalsrognosane ein forventta vekst i elevtalet i Os kommune i den komande planperioden, og Os gymnas vil ha kapasitet til å ta ein stor del av denne auken.

Elevtalet ved Fusa vgs ligg også under tilrådd minstenorm i fylket. Ei mogleg flytting av tilbodet frå Fusa vgs til skulane i Os vil vere positivt for fagmiljøa der, men elevar busett over eit stort område i Fusa kommune vil få særleg lang reiseveg.

Skulane i regionen vert vidareført med same utdanningstilbod som ligg føre i gjeldande vedtak.

6.3.10 Region Sunnhordland

Skuleåret 2015/16 er det fire vidaregåande skular i regionen, men det ligg føre vedtak om samanslåing av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs (Jf-sak PS 1/13). Samla elevtal ved dei fire skulane er i dag 1488.

Skulane i region Sunnhordland ligg relativt tett. Fleire av fagmiljøa er små, og skulane konkurrerer framleis om elevane innanfor enkelte utdanningsprogram, trass i at fleire endringar er gjennomført dei siste åra. Vedtatt dimensjonering for Bømlo/Rubbestadnes vgs, Fitjar vgs og Stord vgs vil i 2030 gje ein overkapasitet på meir enn 320 elevar.

I alternativ 1 blir det foreslått å leggje ned Fitjar vgs og Rubbestadnes vgs.

Region:	SUNNHORDLAND	Regionalt senter:	Leirvik
Kommunar:	Stord, Bømlo, Fitjar og Tysnes		
Skular:	Stord vgs, Bømlo/Rubbestadnes vgs og Fitjar vgs		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det ca 1500 elevar frå Region Sunnhordland i offentlege vidaregåande skular. Av desse reiser ca 10% av elevane til utdanningstilbod utanfor eigen region.

Eigne elevar i eigen skule:	91 %	9 %
-----------------------------	------	-----

Talet på elevar som reiser ut frå regionen svarar til omtrent talet på elevar som kjem utanfrå for å gå på skule her.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognosane for Sunnhordland viser at elevtalet vil halde seg omtrent på dagens nivå utover i planperioden fram mot 2030. Det er venta ein liten nedgang i byrjinga av 20-talet, men det tar seg opp igjen i siste del av perioden. Tendensen ser lik ut for alle kommunane i regionen (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.10.1 Fitjar vgs

Skulen vert lagt ned.

Skuleåret 2015/16 er det 248 elevar ved Fitjar vgs. Nær 70% av elevane kjem tilreisande frå Stord kommune, medan omkring 15% av elevane kjem frå Fitjar kommune. Dei resterande elevane kjem i hovudsak frå nabokommunar i Sunnhordland.

Omkring 50% av elevane frå Fitjar kommune reiser skuleåret 2015/16 til Stord for å nytte utdanningstilbod der.

Elevtalsprognosane viser at elevtalet i Fitjar er forventa å halde seg omtrent på dagens nivå fram mot 2030.

Reisetid- og avstand

Ettersom eit fleirtal av elevane på Fitjar vgs kjem frå Stord kommune, vil ei flytting av tilbodet til Leirvik føre til kortare reisetid for ei stor gruppe elevar.

Mange elevar frå Fitjar kommune vil få lenger reiseveg dersom Stord vgs vert næraste vidaregåande skule, men reisetida vert likevel ikkje lengre enn tilrådinga for dagleg reisetid (Jf. vedlegg 3).

Elevar busett i dei andre kommunane i regionen får uforandra eller kortare reisetid dersom utdanningstilboda ved Fitjar vgs vert flytta til Stord vgs.

Skulebygget

Hovudbygg frå 1934 er i relativt dårleg stand. Eit nyare kjøkkenbygg frå 1999 er i god stand. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til fakta-arka.

Utdanningstilbodet ved Fitjar vgs:

- **Design og handverk (DH)**
Skuleåret 2015/16 her Fitjar vgs 28 elevar på DH. Fitjar vgs er den einaste skulen i regionen med DH-tilbod.
- **Helse og oppvekstfag (HO)**
Elevtal på HO skuleåret 2015/16 er 124. Fitjar vgs er den einaste skulen i regionen med HO-tilbod. Dei fleste elevane på HO kjem frå Stord kommune. Skulen har tilbod på Vg1 og Vg2.
- **Restaurant og matfag (RM)**
Skuleåret 2015/16 er det 37 elevar på RM. Fitjar vgs er den einaste skulen i regionen med RM-tilbod.
- **Påbygg (PB)**
Skuleåret 2015/16 er det ca 60 elevar som tek påbygg til generell studiekompetanse ved skulen.

6.3.10.2 Rubbestadnes vgs

Skulen vert lagt ned.

Det ligg føre vedtak frå Fylkestinget om at Bømlo og Rubbestadnes vgs vert slått saman til ein skule, lokalisert til Rubbestadnes (Jf-sak PS 1/13). Skuleåret 2015/16 vert skulane framleis drivne som to skuleeiningar. Rubbestadnes vgs har 159 elevar.

Elevflyt

På Rubbestadnes kjem omkring 75% av elevane frå Bømlo kommune. Nær 10% av elevane kjem frå Stord, og nokre færre kjem frå Kvinnherad. Dei resterande kjem i hovudsak frå fylket elles.

Vel 80% av elevane frå Bømlo kommune vel utdanningstilbod på ein av skulane i kommunen. Vel 10% av elevane nyttar utdanningstilbod på Stord vgs, medan dei resterande i hovudsak går på skular andre stadar i fylket.

Elevtalsutvikling i Bømlo kommune

Elevtalsprognosane viser at elevtalet i Bømlo kommune er forventa å halde seg omtrent på dagens nivå fram mot 2030.

Reisetid- og avstand

Eit stort fleirtal av elevane som nyttar utdanningstilbod på skulen har bustadadresse i kommunen. Om tilbodet ved Rubbestadnes vert flytta til Stord vgs vil dei fleste elevane få akseptabel reisetid, men elevar busett lengst i sør får lengre reisetid enn tilrådd (jf. kap 5.3 og AUD-rapport, vedlegg 3).

Skulebygg

Dårleg stand og med omfattande rehabiliteringsbehov. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka for skulane (vedlegg 7).

Utdanningstilbodet ved Rubbestadnes vgs:

- **Elektrofag (EL)**
Skuleåret 2015/16 har skulen 78 elevar på EL.
- **Teknikk og industriell produksjon (TIP)**
Skuleåret 2015/16 har skulen 80 elevar på TIP.

6.3.10.3 Bømlo vgs

Det ligg føre vedtak frå Fylkestinget om at Bømlo og Rubbestadnes vgs vert slått saman til ein skule, lokalisert til Rubbestadnes (Jf-sak PS 1/13). Skuleåret 2015/16 vert skulane framleis drivne som to skuleeiningar. Bømlo vgs har 273 elevar.

Skulebygg

Hovudbygget er frå 1994 og må reknast å vere i vesentleg betre stand enn Rubbestadnes. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka (vedlegg 7).

Endring i utdanningstilbodet: Utdanningstilbodet SS vert lagt ned og flytta til Stord vgs.

6.3.10.4 Stord vgs

Stord vgs er delt på to skulestader; på Saghaugen og på Vabakken. Tidlegare var desse skulestadane sjølvstendige skulestadar med tradisjonelle yrkesfag på Vabakken og studieførebuande fag på Saghaugen.

Ved Stord Saghaugen pågår det rehabilitering av eldre bygningsmasse. Ved avd. Vabakken ligg det føre planar om «utviding, ombygging og rehabilitering» (Skulebruksplan, HFK 2012). For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til fakta-arka. Skulen treng bygningsmessige tiltak for å ta imot utdanningsprogramma frå Fitjar vgs.

Utdanningstilboda ved skulane i region Sunnhordland

Samla sett vert det gitt tilbod innan dei fleste fagområda, både innan dei yrkesretta og dei studieførebuande faga. Unntaka er NA og KDA. NA vert berre gitt som regionalt fylkestilbod, medan næraste KDA-tilbod er på Fusa vgs.

6.3.10.5 Samandrag region Sunnhordland

Elevgrunnlaget er ikkje stort nok til å vidareføre 4 skular i regionen. Mange av klassane har få elevar, og fleire av dagens skular har elevtal under minstenorma. Vedtatt dimensjonering for Bømlo/Rubbestadnes vgs, Fitjar vgs og Stord vgs vil i 2030 gje ein overkapasitet på meir enn 320 elevar.

Det er behov for omfattande rehabilitering av skulebygga på Rubbestadnes, Fitjar og Stord Vabakken.

Alternativ 1 legg til grunn at skuletilbodet ved Bømlo vgs vert vidareført. I dette ligg det ei omgjerding av vedtaket om samanslåing av dei to skulane på Bømlo. Sidan dette vedtaket vart gjort er det kome avklaring om at Bømlo kommune ikkje ønskjer å kjøpe skulebygget på Bremnes. Skulebygget her blir dermed ståande tomt/ubrukt dersom tilbodet vert flytta til Rubbestadnes. Samstundes vil eit nytt skulebygg på Rubbestadnes medføre store investeringskostnader, og det ligg føre vedtak om å ruste opp tilsvarande areal (TIP) ved Stord Vabakken. Avstanden mellom skulane er ikkje større enn at enkelte tilbod må kunne sjåast i samanheng og samlokalisertast.

Skulebygget på Bremnes er i vesentleg betre stand enn på Rubbestadnes, og difor vert Bømlo vgs vidareført med tilbod innan ST og HO. Rubbestadnes vgs vert lagt ned, og tilboda innan EL og TIP vert vidareført ved Stord vgs.

Stord vgs har ei sentral plassering i regionen og det gjer det mogleg å byggje opp attraktive og robuste fagmiljø i Leirvik.

6.3.11 Region Etne/Sveio/Vindafjord

Kommunane Etne og Sveio har Haugesund som regionsenter, og elevar frå desse kommunane kan fritt velje om dei vil søke utdanningstilbod i Rogaland eller Hordaland.

Etne vgs ligg i Etne kommune, og skulen har 82 elevar skuleåret 2015/16. Ølen vgs ligger også i regionen, men i Rogaland. Denne skulen har omkring 240 elevar (skuleåret 2014/15).

I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned Etne vgs, basert på ei vidareføring av inngått samarbeidsavtale med Rogaland fylkeskommune.

Region:	Etne/Sveio/Vindafjord	Regionalt senter:	Haugesund
Kommunar:	Etne, Sveio og Vindafjord (<i>Vindafjord kommune ligger i Rogaland</i>)		
Skular:	Etne vgs og Ølen vgs (<i>Ølen vgs ligger i Rogaland</i>)		

Elevflyt

Skuleåret 2015/16 er det nær 130 elevar frå Etne kommune i offentlege vidaregåande skular. I underkant av 40% er elevar ved Etne vgs, medan omkring 50% nyttar skuletilbod i Rogaland, dei fleste ved Ølen vgs. Dei resterande 10% er elevar ved skular utanfor eigen region i Hordaland. Elevar frå Sveio nyttar i all hovudsak skuletilbod i Rogaland. Mindre enn 10% av elevane nyttar tilbod i Hordaland. Skuleåret 2015/16 er det ikkje elevar frå Sveio ved Etne vgs.

Figuren under viser korleis elevane frå Etne kommune fordeler seg mellom Etne vgs og skular i andre regionar samla (Hordaland og Rogaland).

Eigne elevar i eigen skule:	37 %	Eigne elevar i andre regionar:	63 %
-----------------------------	------	--------------------------------	------

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognosane for Etne og Sveio viser ein forventta auke i elevtalet fram mot 2030. Det er forventta at auken vil fordele seg relativt jamt mellom dei to kommunane (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.11.1 Etne vgs

Etne vgs vert etter skuleåret 2016/2017 avvikla som sjølvstendig skule, og det blir starta opp dialog med Rogaland fylkeskommune (RFK) for å innlemme Etne vgs i Ølen vgs.

Etne vgs har i dag tilbod innan utdanningsprogramma DH, TIP, PB og ID. Elevtalet er lågt på fleire av utdanningsprogramma, og varierende søkjartal frå år til år gjer at tilbodet vert sårbart.

Hordaland fylkeskommune er leigetakar av skulebygget. Leigeavtalen med Etne kommune strekkjer seg fram til og med 2022.

Reisetid- og avstand

Avstanden mellom skulane i Etne og Ølen er relativt kort (12,2 km), og reisetida er ca 15 minutt med bil. Dei aller fleste elevane i Etne kommune vil få ei akseptabel reisetid dersom næraste vidaregåande skuletilbod i framtida vert ved Ølen vgs (jf. AUD-rapport, vedlegg 3).

6.3.11.2 Utdanningstilbodet ved Etne vgs

Etne vgs har i dag utdanningstilbod innan fagområda DH, TIP, PB, MK og ID. Talet på søkjarar varierer frå år til år, og enkelte tilbod er sårbare i høve til låge søkjartal, slik at det ikkje er sikkert at tilbodet vil starte opp kvart år.

Fylkestinget har fatta vedtak om at MK vert fasa ut når ny organisering av faget trer i kraft hausten 2016.

På naboskulen i Ølen har elevane tilbod innan BA, EL, HO, RM, TIP og ST.

6.3.11.3 Samandrag Region Etne/Sveio/Vindafjord

Samarbeidsavtalen med Rogaland fylkeskommune om fritt skuleval over fylkesgrensa for elevar busett i grenseområda mellom fylka, fører til at mange elevar tek imot tilbod i Rogaland. Dette bidreg til at elevtalet ved skulen i Etne blir lågt. Samarbeid med Rogaland fylke vert vidareført. Prosess for vurdering av mogleg felles framtidig skule for Vindafjord og Etne vert vidareført.

Skulen i Ølen har eit breiare fagtilbod enn Etne vgs, men elevane i regionen vil få lengre reiseveg dersom dei ønskjer å søkje tilbod som vert lagt ned ved Etne vgs. Dette gjeld i hovudsak faget idrett som i dag har 23 elevar og DH som har 10 elevar.

Skuleåret 2015/16 er det like mange elevar frå Etne kommune på Ølen vgs som på Etne vgs.

Elevar busett i Sveio kommune vert ikkje råka av ei nedlegging av Etne vgs ettersom ingen elevar frå Sveio nyttar skuletilbod her.

6.3.12 Region Odda

Odda vgs er den einaste vidaregåande skulen i regionen. Skuleåret 2015/16 er det 329 elevar på skulen.

Region:	ODDA	Regionalt senter:	Odda
Kommunar:	Odda kommune og Ullensvang kommune		
Skular:	Odda vgs		

Elevflyt i region Odda

Skuleåret 2015/16 er det omkring 400 elevar frå regionen i offentlege vidaregåande skular. Vel 70% av desse nyttar utdanningstilbod ved Odda vgs.

Vel 50% av elevane frå Ullensvang nyttar seg av utdanningstilbod i andre regionar. Mange av desse vel tilbod på Voss.

Eigne elevar i eigen skule:	73 %	I andre regionar:	27 %
-----------------------------	------	-------------------	------

Omkring 85% av skulens elevar kjem frå kommunane Odda og Ullensvang. Vel 7% av elevane kjem frå nabokommunane Kvinnherad og Jondal. Dei resterande kjem frå andre regioner i Hordaland og frå andre fylke.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognosen for regionen viser ein forventta nedgang i elevtalet fram mot 2030. Det er venta at nedgangen særleg vil gjere seg gjeldande i Odda. I Ullensvang er det venta nedgang fram mot midten av 20-talet, men det er venta at talet tek seg noko opp igjen mot slutten av planperioden. (Jf. kap 3

Elevtalsutvikling).

6.3.12.1 Odda vgs

Skulen har mykje ledig areal. Det ligg føre planar om rehabilitering av yrkesfagbygget.

6.3.12.2 Utdanningstilbodet i regionen

Odda vgs har i dag tilbod innan faga BA, EL, HO, TIP, ST, AO og TO. På BA er det berre tilbod på Vg1, og faget vert berre starta opp dersom det er nok søkjarar.

Dei studieførebuande faga NA, MD, ID, KDA og PB vert tilgjengelege i naboregionen Voss, medan næraste MK- tilbod vert i Bergen eller på Stord.

6.3.12.3 Samandrag region Odda

Det er venta at det vil bli nedgang i elevtalet ved Odda vgs dei komande åra. Framtidig dimensjonering ligg omtrent på minimumstalet Hordaland fylkeskommune har sett for sine skular, men skulen dekkjer eit stort geografisk område og avstand/reisetid til dei næraste alternative skulane er for lang til at dagpendling let seg forsvare.

6.3.13 Region Kvinnherad

Kvinnherad vgs er den einaste vidaregåande skulen i regionen. Skuleåret 2015/16 er det 402 elevar på skulen. I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned RM ved Kvinnherad vgs.

Region:	KVINNHERAD	Regionalt senter:	Husnes
Kommunar:	Kvinnherad kommune		
Skular:	Kvinnherad vgs		

Elevflyt i region Kvinnherad

Skuleåret 2015/16 er det omkring 530 elevar frå regionen i offentlege vidaregåande skular. Vel 70% av desse nyttar utdanningstilbod ved Kvinnherad vgs. Av elevane som reiser ut nyttar flest tilbod på Stord vgs, Fusa vgs og skular i Bergen kommune.

Eigne elevar i eigen skule:	73 %	Elevar andre regionar:	27 %
-----------------------------	------	------------------------	------

Elevar frå eigen region utgjør omkring 95% av elevane ved Kvinnherad vgs.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognose for regionen viser ein forventa nedgang i elevtalet i planperioden fram mot 2030. (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.13.1 Kvinnherad vgs

Skulebygget

Skulebygget er i hovudsak frå 1979, med seinare påbygg i 2010 og 2011. Det ligg ikkje føre planar om større bygningsmessige tiltak ved Kvinnherad vgs. For ytterlegare informasjon om tilstanden til bygga vert det vist til faktaarka.

6.3.13.2 Utdanningstilbodet i regionen

Odda vgs har i dag tilbod innan faga BA, EL, HO, RM, SS, TIP, ST, PB, AO og TO. Skulen har gode areal for RM, men har ikkje hatt nok søkjarar til å kunne oppretthalde tilbodet. Det har vist seg at

elevgrunnlaget i Kvinnherad er for tynt til å oppretthalde eit stabilt og føreseieleg RM-tilbod her. Tilbodet vert difor lagt ned.

Fylkestinget har tidlegare fatta vedtak om å flytte SS-tilbodet til Stord vgs.

Dei studieførebuande faga MK, MD og ID vert tilgjengelege i naboregionen Sunnhordland, medan næraste KDA-tilbod vert ved Fusa vgs. NA vert berre gitt som regionalt fylkestilbod.

6.3.13.3 Samandrag region Kvinnherad

Det er venta nedgang i elevtalet ved Kvinnherad vgs dei komande åra. Det vert foreslått at RM-tilbodet ved skulen vert lagt ned.

6.3.14 Region Kvam

Skuleåret 2015/16 er det vidaregåande skuletilbod i Øystese og i Norheimsund. Det er gjort vedtak om å slå saman skulane, og ny skule vil i framtida samlokalisert i Norheimsund. Samla elevtal ved dei to skulestadene er 296 inneverande skuleår.

Region:	KVAM	Regionalt senter:	Nordheimsund
Kommunar:	Kvam kommune og Jondal kommune		
Skular:	Øystese/Nordheimsund vgs		

Elevflyt i region Kvam

Skuleåret 2015/16 er det vel 300 elevar frå regionen i offentlege vidaregåande skular. Nær 75% av desse nyttar utdanningstilbod i eigen region.

Frå Jondal vel ca 50% av elevane utdanningstilbod i andre regionar, dei fleste av desse reiser til Odda.

Eigne elevar i eigen skule:	74 %	Elevar i andre regionar:	26 %
-----------------------------	------	--------------------------	------

Nær 78% av elevane på dei to skulestadene kjem frå kommunane i regionen, dei aller fleste frå Kvam. Dei resterane elevane kjem spreidd frå andre kommunar i fylket. Eit fåtal kjem frå andre fylke.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognose for regionen viser ein forventa svak nedgang i elevtalet i planperioden fram mot 2030. (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

6.3.14.1 Øystese vgs

Det ligg føre vedtak om administrativ samanslåing av dei to skulane i regionen frå 01.01.2017. Mot slutten av planperioden vert skulane samlokalisert i Norheimsund.

6.3.14.2 Norheimsund vgs

Det ligg føre vedtak om administrativ samanslåing av dei to skulane i regionen frå 01.01.2017. Mot slutten av planperioden vert skulane samlokalisert i Norheimsund.

6.3.14.3 Utdanningstilbodet i regionen

Tilbodet ved dei to skulestadene i regionen dekkjer i dag fagområda BA, EL, HO, TIP, ST, AO, TO og PB. Det ligg føre vedtak om nedlegging av PB-tilbodet i Øystese. Næraste skulestader med PB vert i framtida Voss og Bergen.

Utdanningsprogrammet BA vert lagt ned.

Yrkesfaga DH, RM, NA og SS, samt dei studieførebuande faga NA, MK, MD, ID og KDA, vert tilgjengelege i naboregionane Voss og Stor-Bergen.

6.3.14.4 Samandrag region Kvam

Elevtalsgrunnlaget og framtidig dimensjonering tilseier eit elevtal som er lågare enn det Hordaland fylkeskommune har sett for sine skular, men skulen dekkjer eit stort geografisk område, og avstand/reisetid til dei næraste alternative skulane er for lang til at dagpendling let seg forsvare.

Samla sett er elevtalsgrunnlaget i regionen stort nok til at det kan forsvarast å vidareføre skul tilbodet her.

6.3.15 Region Voss

Skuleåret 2015/16 er det totalt 895 elevar fordelt på 6 skular i region Voss. Det ligg føre vedtak om at skulane Rogne vgs, Voss husflidskule og Voss jordbruksskule vert lagt ned når nye Voss vgs og nye Voss Gymnas står klar til bruk.

I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned Hjeltnes vgs. Voss vgs avd. Granvin vert lagt ned når nye Voss vgs vert tatt i bruk.

Region:	VOSS	Regionalt senter:	Vossevangen
Kommunar:	Voss, Granvin, Ulvik og Eidfjord		
Skular:	Hjeltnes vgs, Voss vgs og Voss gymnas		

Elevflyt i region Voss

Skuleåret 2015/16 er det vel 630 elevar frå regionen i offentlege vidaregåande skular. Vel 90% av desse nyttar utdanningstilbod i eigen region. Majoriteten av elevane i regionen kjem frå Voss kommune. Av elevar frå regionen som vel skuletilbod andre stader, finn vi flest i skular i Bergen kommune.

Eigne elevar i eigen skule:	91 %	9 %
-----------------------------	------	-----

Nær 70% av elevane på skulane i region Voss kjem frå eigen region. Det vil seie at det er fleire elevar som reiser til skuletilbod på Voss enn dei som reiser ut frå regionen. Det kjem elevar frå heile fylket for å gå på skule på Voss. Flest elevar kjem frå Bergen kommune og Vaksdal kommune. Det kjem også nokre få elevar frå andre fylke.

Elevtalsutvikling

Elevtalsprognose for region Voss viser at elevtalet vil halde seg relativt stabilt på dagens nivå i planperioden 2016-2030. Elevtalsprognosane viser same utvikling for Ulvik og Eidfjord, medan det er venta noko nedgang i Granvin (Jf. kap 3 Elevtalsutvikling).

For dei tre siste kommunane er det få elevar på årstrinna samanlikna med i Voss kommune. Skilnad frå det eine året til det andre på 5-10 elevar gjev prosentvis store utslag på oppgang og nedgang i elevtalet. Over heile planperioden, frå 2016 – 2030 kan ein likevel sjå ein tendens som skildra over.

6.3.15.1 Hjeltnes vgs

Skulen vert lagt ned.

Skuleåret 2015/16 er det 17 elevar ved Hjeltnes vgs. Ingen elevar kjem frå Ulvik, der skulen er lokalisert. Flest elevar kjem frå Bergen kommune og Voss kommune. Dei fleste av elevane på Hjeltnes vgs bur på internat på skuleområdet.

Reisetid- og avstand

Dersom Hjeltnes vgs vert lagt ned og tilbodet vert flytta til Voss vgs, vil dei fleste elevane få kortare reisetid- og reiseavstand. Hjeltnes vgs er den einaste skulen i fylket som tilbyr programfaga *Blomsterdekoratør* (DH) og *Anleggsgartner- og idrettsanleggsgfag* (NA) på Vg2.

Elevtalsutvikling

Som nemnt over er det forventa at elevtalet i region Voss vil halde seg relativt stabilt utover i planperioden fram mot 2030. Det same gjeld for Ulvik kommune.

Skulebygga

Bygga har god funksjonsdyktigheit til dette føremålet (naturbruk), men skuleanlegget består av for mange bygg med tanke på ordinær skuledrift.

Utdanningstilbod Hjeltnes vgs

- **Naturbruk (NA)**
Skulen har tilbod i programfaget *Anleggsgartner- og idrettsanleggsgfag* på Vg2. Hjeltnes vgs er den einaste skulen i fylket som tilbyr dette programfaget.
- **Design og handverk (DH)**
Hjeltnes vgs har tilbod i programfaget *Blomsterdekoratør* på Vg2. Skulen er aleine om å tilby dette programfaget i Hordaland.

6.3.15.2 Voss vgs

Voss vgs får nytt skulebygg og er for tida under oppføring. Det nye skulebyggets skal stå klart til skulestart hausten 2016 og får plass til omkring 380 elevar. I strukturalternativ 1 er det planlagt utnytting av 335 plassar ved skulen.

6.3.15.3 Voss gymnas

Voss gymnas får nybygg ved sida av det gamle gymnasbygget. Byggjearbeida er komne i gang, og det nye skulebygget skal etter planen takast i bruk våren 2017. Deretter skal det gamle gymnasbygget rehabiliterast. Den nye skulen kan takast i bruk frå årsskiftet 2017-2018. Nye Voss gymnas er dimensjonert for 650 elevar.

6.3.15.4 Utdanningstilbodet i regionen

Tilbodet ved dei to skulestadene i regionen vil dekkje alle fagområda utan MK. Næraste MK-tilbod for elevane i region Voss vert i Bergen.

6.3.15.5 Samandrag region Voss

Elevtalsprognosane viser at elevtalet vil halde seg relativt stabilt i regionen framover mot 2030. Dei to skulane på Vossevangen får samla sett ein kapasitet på omkring 1000 plassar når dei nye skulebygga står ferdig tidleg i 2018; dette kan gje ein overkapasitet fram mot 2030.

I dag får skulane i region Voss nær 300 elevar frå andre regionar og fylke.

Hjeltnes vgs har ikkje nok elevar eller søkjarar til sine utdanningstilbod. Samtidig vil dei nye skulane på Vossevangen ha kapasitet til å overta tilbodet. Alle elevane ved skulen i Ulvik inneverande skuleår er tilreisande elevar, så i høve til reiseveg vil det vere lettare å kome seg til og frå heimstaden dersom tilbodet vert flytta til Vossevangen.

6.4 Struktur for fagtilbod med alternativ 1

Hovudgrep i høve til fagtilbodsstruktur:

6.4.1 Bygg og anlegg (BA)

- BA vert tilbydd ved 12 skular mot 13 i alternativ 0.
 - Tilbodet i Kvam vert ikkje vidareført.
- BA vert tilbydd i alle regionane, utan Bergen-Sentrum og Kvam
- Det vert tilbod på Vg1 i Odda dei åra det er nok søkjarar.
- Samla vert talet på BA-plassar auka frå 945 til 960.

6.4.2 Design og handverk (DH)

- DH vert tilbydd ved 5 skular mot 10 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Olsvikåsen, Slåtthaug, Etne, Hjeltnes og Osterøy vert lagt ned.
 - Tilbodet ved Fitjar vert flytta til Stord.
- 6 regionar får ikkje DH-tilbod.
- Samla vert talet på DH-plassar redusert frå 585 til 360.

6.4.3 Elektrofag (EL)

- EL vert tilbydd ved 14 skular mot 17 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Austrheim, Bergen Maritime og Rubbestadnes vert lagt ned.
- Tilbodet vert å finne i alle regionar.
- Samla vert talet på EL-plassar redusert frå 1230 til 945.

6.4.4 Helse og oppvekstfag (HO)

- HO vert tilbydd ved 20 skular mot 21 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Austrheim vert lagt ned.
 - Tilbodet ved Fitjar vert flytta til Stord.
- Alle regionar får HO-tilbod.
- Samla vert talet på HO-plassar redusert frå 2160 til 2145.

6.4.5 Naturbruk (NA)

- NA vert tilbydd ved 4 skular mot 5 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Hjeltnes vert lagt ned.
- NA er eit fylkesregionalt tilbod
- Tilbodet vert gjeve i 3 regionar.
- Samla vert talet på NA-plassar redusert frå 360 til 330.

6.4.6 Restaurant og matfag (RM)

- RM vert tilbydd ved 5 skular mot 9 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Årstad og Kvam vert lagt ned.
 - Tilbodet ved Åsane vert ikkje oppretta.
- Tilbodet vert gjeve i 5 regionar.
- Samla vert talet på RM-plassar redusert frå 405 til 315.

6.4.7 Service og samferdsel (SS)

- SS vert tilbydd ved 6 skular mot 7 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Bømlo vert lagt ned.

- Tilbodet vert gjeve i 6 regionar.
- Samla vert talet på SS-plassar redusert frå 540 til 525.

6.4.8 Teknikk og industriell produksjon (TIP)

- TIP vert tilbydd ved 16 skular mot 20 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Austrheim, Bergen Maritime, Rubbestadnes og Etne vert lagt ned.
- Tilbodet vert gjeve i alle regionar.
- Samla vert talet på TIP-plassar redusert frå 1935 til 1545.

6.4.9 Påbygg (PB)

- PB vert tilbydd ved 8 skular mot 11 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Etne, Fitjar og Laksevåg vert lagt ned.
- Tilbodet vert gjeve i 8 regionar.
- Samla vert talet på PB-plassar redusert frå 635 til 495.

Talet på plassar ved studieførebuande påbygg er dimensjonert iht fylkeskommunen sitt ynskje om at elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram skal fullføre det yrkesfaglege løpet framfor å ta studiekompetanse. Samanlikna med dagens søkjartal er tilbodet vesentleg neddimensjonert.

6.4.10 Medier og kommunikasjon (MK)

Medier og kommunikasjon (MK) vert eit studieførebuande utdanningsprogram. Fylkestinget vedtok i desember 2015 dimensjonering for det nye MK-tilbodet (PS89/2015).

- MK vert tilbydd ved 4 skular mot 5 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Laksevåg vert lagt ned.
- Tilbodet vert gjeve i 4 regionar.
- Samla vert talet på MK-plassar redusert frå 540 til 450.

6.4.11 Musikk, dans og drama (MD)

- MD vert tilbydd ved 4 skular mot 4 i alternativ 0.
 - Inga endring i struktur eller tilbod.
- Tilbodet vert gjeve i 4 regionar.
- Talet på MD-plassar er uendra på 495.

6.4.12 Idrettsfag (ID)

- ID vert tilbydd ved 5 skular mot 6 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Etne vert lagt ned.
 - I tillegg har Odda vgs tilbod om ID skuleåret 2015/2016.

- Tilbodet vert gjeve i 5 regionar.
- Samla vert talet på ID-plassar redusert frå 685 til 675.

6.4.13 Kunst, design og arkitektur (KDA)

Kunst, design og arkitektur (KDA) vert eit nytt studieførebuande utdanningsprogram. Utdanningsprogrammet erstattar Studiespesialisering med formgjevingsfag(ST-FO).

- KDA vert tilbydd ved 4 skular mot 4 i alternativ 0.
 - Inga endring i struktur eller tilbod.
- Tilbodet vert gjeve i 4 regionar.
- Talet på KDA-plassar er uendra på 360.

6.4.14 Studiespesialisering (ST)

- ST vert tilbydd ved 22 skular mot 24 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Austrheim og Laksevåg vert lagt ned.
- Tilbodet vert å finne i alle regionar.
- Samla vert talet på ST-plassar auka frå 7598 til 7608.

6.4.15 Grupper for særskild tilrettelagt opplæring (TO)

- TO vert tilbydd ved 23 skular mot 21 i alternativ 0.
 - Tilbodet vert oppretta ved Arna/Garnes og Slåtthaug.
- Tilbodet vert gjeve i alle regionar.
- Talet på TO-plassar er auka frå 578 til 645

6.4.16 Innføringsklasser for minoritetsspråklege (AO)

- AO vert tilbydd ved 9 skular mot 9 i alternativ 0.
 - Tilbodet ved Stord vert redusert til 35 plassar.
- Tilbodet vert gjeve i 8 regionar.
- Talet på AO-plassar vert redusert frå 300 til 285.

6.4.17 Vaksenopplæringa (VO)

- Vaksenopplæringa er i dag samla på fem vaksenopplæringscenter i fylket.
- 3 VO-senter i Stor-Bergen
- 1 VO-senter i Sunnhordland
- 1 VO-senter i Voss

- Framtidig dimensjonering er sett til 1315 plassar.

6.5 Bygningsmessige tiltak som følger av strukturendring

Tabellen under viser kva bygningsmessige tiltak det er trong for på skulane i tråd med strukturalternativ 1. Angitt årstal for gjennomføring/ferdigstilling av skulebyggprosjekta er basert på bakgrunnsinformasjon som er tilgjengeleg pr. i dag. Dersom desse føresetnadene vert endra i løpet av planperioden fram mot 2030, vil det kunne bli nødvendig å endre prioriteringane av prosjekta.

Døme på slike føresetnader som ligg til grunn for prioriteringane, kan vere folketalsutvikling, talet på elevplassar i private skular, pågåande regional- og kommunereform, utvikling i høve til utdanningsprogramma (yrkes-/studieførebuande), kommunale og regionale reguleringsplanar, endringar i elevane sitt søkjemønster osb.

År	Skule	Tiltak
2017	Hjeltnes vgs	Vert avvikla, tilbodet flytta til Voss
	Etne vgs	Vert avvikla. HFK etablerer avtale med Rogaland fylkeskommune og Ølen vgs
2018	Tertnes vgs	Tilbygg etablert og delar av skulen er rehabilitert
	U. Phil vgs	Vert avvikla for å gje plass til Nye Åsane vgs på tomte. Studieprogram vert overført til Tertnes vgs og Åsane vgs
	Bergen Katedralskole	Mellombygg/UU etablert, hovudbygget totalrehabilitert og klasseromsbygget delvis rehabilitert
	Laksevåg vgs, A-bygget	A-bygget vert avvikla og studieførebuande program vert lagt ned.
2020	Åsane vgs	Ny skule etablert. Erstattar i tillegg til Åsane vgs, Lønborg og delar av tilbodet på U.Pihl
	Bergen Maritime vgs	Vert avvikla. Reduserer overkapasitet på YF i sentrum
	Austrheim vgs	Vert avvikla, tilbodet erstatta i Knarvik
2022	Stord, Vabakken (YF)	Rehabilitert og noko utvida skule etablert
	Rubbestadneset vgs	Vert avvikla når ny/rehabilitert skule på Stord opnar
	Fitjar vgs	Vert avvikla når ny/rehabilitert skule på Stord opnar
	Langhaugen vgs	Utviing/rehabilitering idrett- og musikkareal
	Askøy vgs	Rehabilitert og noko utvida skule etablert
2023	Slåtthaug vgs	Større delar av skulen rehabilitert
2024	Sotra vgs	Ny skule etablert i kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy
	Sotra vgs, avd Sund	Vert avvikla og erstatta av ny skule på Straume/Bildøy
2025	Årstad vgs, C-bygget	Innvendig rehabilitering av C-bygget ferdigstilt
2026	Kvam vgs	Ny skule etablert i Kvam nær kollektivknutepunkt
	Knarvik vgs	Nybygg Juvikstølen. Erstatning for undervisningsarealer som vert flytta frå avd. Kvernhusmyrane
	Norheimsund vgs	Vert avvikla og erstatta av ny skule
	Øystese Gymnas	Vert avvikla og erstatta av ny skule
2027	Nye Arna vgs	Ny skule etablert nær bussterminal/togstasjon
	Arna vgs	Vert avvikla og erstatta av ny skule sentralt i Arna
	Garnes vgs	Slått saman med Arna vgs frå 2016/2017. Vert avvikla og erstatta av ny skule sentralt i Arna

Tabell 6.5: Bygningsmessige tiltak som følger av strukturendring

7

Kostnader

7.1 Investeringskostnader og gjennomføringstidspunkt

Fylkeskommunen har eit sterkt behov for å avgrense investeringsomfanget samstundes som ein oppnår akseptabel byggkvalitet på dei vidaregåande skulane. Tiltrådeleg investeringsomfang gjev ikkje moglegheit til å oppgradere alle dei eldre skulane. Kapasitet i bygga og tilstand har difor vore eit sentralt moment i vurderinga for tilrådd skulestruktur.

Det er teke utgangspunkt i at den årlege investeringa skal vere mest mogleg lik og føreseieleg i planperioden. Dette er lagt til grunn både av omsyn til styring av gjeldsgrad i fylkeskommunen og for å ha ei jamn belastning for organisasjonen som skal gjennomføre prosjekta. Av omsyn til styring av gjeldsgrad vert det tilrådd at gjennomsnittleg investering ikkje skal overstige 500 millionar årleg (2016-kroner). Dette er samanlikna med dei siste fem åra ein reduksjon i investering på 21,5%.

År	Investering	2016 tall (KPI)
2012	514 mill	558 mill
2013	467 mill	497 mill
2014	622 mill	649 mill
2015	709 mill	723 mill
2016	757 mill	757 mill
Gjennomsnitt		637 mill

Tabell 7.1.1: Oversikt investering skulebygg 2012-2016

Med grunnlag i ei årleg investering innan opplæringssektoren på 500 millionar er det tilrådd slik fordeling mellom oppgåver (2016 kroner, inkl. mva):

Post	Beløp
Større undervisningsutstyr (til skular i drift)	30 mill
Skulebruksplan – planmidlar oppstart/utgreiingar	5 mill
Rehabilitering og mindre ombyggingar/utvidingar	75 mill
Investeringsprosjekt (nybygg, store rehabiliteringar)	390 mill
Sum	500 mill

Tabell 7.1.2: Tiltrådd fordeling mellom investeringsoppgåver

Postane *Større undervisningsutstyr* og *Skulebruksplan – planmidlar* er ikkje endra frå 2016. *Rehabilitering og mindre ombyggingar/utvidingar* er redusert frå 100 millionar til 75 millionar.

I dette ligg det at fleire prosjekt vert fremja som separate investeringsprosjekt, og at tilrådd skulestruktur reduserer trongen for mindre rehabiliteringar og ombyggingar.

Det er utarbeidd ei overordna kostnadsvurdering av dei bygningsmessige tiltaka som ligg føre i tilrådd skulestruktur (*Investeringsplan, Vedlegg 5*). Kostnadsvurderinga har lagt følgjande føresetnader til grunn:

- Alle tal er i 2016-kroner
- Kostnad for nybygg er sett til 42.000 kr/m² inkl. mva
- Kostnad for totalrehabilitering er sett til 30.000 kr/m² inkl. mva
- Kostnader for delvis/forenkla rehabilitering er sett til 20.000 kr/m² inkl. mva
- FEF-arealmodell nytta for å berekna areal på nybygg basert på tilrådd dimensjonering
- Gevinst ved sal av skulebygg som blir avvikla, er tatt til inntekt (total 247 mill)

I investeringsbudsjettet er det sett opp ei årleg gjennomsnittleg investering på kr. 390 mill. (måltal).

Tabellen under viser totalsum for investeringar i perioden, omfanget på den årlege investeringa, avvik frå gjennomsnittleg årleg investering og akkumulert avvik frå måltalet. I sum er det planlagt ei investering på kr. 3,9 milliardar dei kommande 11 åra, med eit akkumulert avvik på kr. 400 mill.

Investering	Planperiode for skulebruksplanen, tal i mill. kr.														Salg
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	
Sum perioden 2017-2027	442,0	390,6	411,9	415,0	389,5	358,5	395,4	367,5	375,0	285,2	59,1				
	3 889,7														
Avvik frå måltal:	52,0	0,6	21,9	25,0	-0,5	-31,5	5,4	-22,5	-15,0	-104,8	-330,9				
Akkumulert avvik frå måltal	52,0	52,6	74,5	99,4	99,0	67,5	72,9	50,4	35,4	-69,4	-400,3				

Tabell 7.1.3 Oversikt investeringar planperiode 2017-2030

7.2 Skuledrift

I tabellen under er det sett opp overslag over innsparingar i driftsbudsjetta for dei vidaregåande skulane i Hordaland. Den viser innsparingar i ny skule- og tilbudsstruktur (alternativ 1) samanlikna med dagens skulestruktur. Tabellen syner at framlegget til endringar i skule- og tilbudsstrukturen i Hordaland vil gje lågare driftskostnader for skulane samla sett.

Innsparing i tilrådd skulestruktur Alt 1	Beløp
Særskilt driftsstønad små einingar	47,6 mill kr
Driftsstønad til få parallellar og små grupper	15,4 mill kr
Skuleadministrasjon	7,8 mill kr
Faste kostnader t.d. husleige	15,4 mill kr
Innsparing	86,2 mill kr

Tabell 7.2.1 Oversikt over innsparing i tilrådd skulestruktur alt 1

Framstillinga over er rekna ut etter gjeldande budsjettmodell, og det er rekna med utgangspunkt i opphavleg budsjett 2015. Tala vert vist i 2015-kroner. Vidare er det gjort følgjande forenklingar:

- Endringar i revidert budsjett er ikkje tatt med
- Faste kostnader med unntak av husleige er i hovudsak vidareført som i 2015, lagt til andre skular. (Faste kostnader som ligg i skulebudsjetta er t.d. elektrisitet, kommunale avgifter, eigedomsskatt)
- VO og FOIB er vidareført som i 2015

- Endring i TO-elevar er fordelt skjønsmessig etter type tilbod (HTA/HTH/HT)
- Sats på KDA er estimert sidan utdanningsprogrammet ikkje var oppretta i 2015

Driftskostnader knytt til driftsleiarar, løpande drift, vedlikehald, forvaltning, forsikring og utviklingskostnader er budsjettert på eigedomsavdelinga og er ikkje med i skulane sine samla driftskostnader.

7.2.1 Føresetnader ved estimat på driftsøkonomi

Det er fleire faktorar som har verknad på driftskostnadene til ein skule. Dei viktigaste er truleg knytt til:

- Skulestorleik
- Utdanningstilbod
- Tal på bygningar og lokasjonar

Skulestorleik

Dersom ein mindre skule vert lagt under ein langt større skule, vil dette kunne gje lågare administrasjonskostnader og driftskostnader. Ein reduksjon av skular og skulebygg skal i teorien også gje lågare faste kostnader. Den største økonomiske gevinsten ligg i å samle dei dyraste tilboda og dyraste elevplassane på færre skular.

Det er ganske stor semje om at ein får økonomiske stordriftsfordelar ved å auka talet på elevar; i alle fall opp mot 1000 elevar. Ved skular med fleire enn 1000 elevar er den økonomiske gevinsten ved å ha fleire enn 1000 elevar mindre tydeleg (Jf Skulebruksplanen 2012-2025).

Utdanningstilbod

Kostnadsbiletet ved ein skule endrar seg dersom utdanningstilbodet vert endra.

Talet på utdanningsprogram og breidda på fagtilbodet spelar inn på dei økonomiske rammene og kostnadene ved ein skule. I framlegget til ny struktur vert det lagt opp til færre skular og færre utdanningsprogram pr. skule. Såleis vert det lagt opp til ein meir robust skuleøkonomi med større handlingsrom.

Tal på bygningar og lokasjonar

Effektive skulelokale gjev meir effektiv skuledrift. Nokre av skulane i Hordaland har i dag drift på mange lokasjonar. Dette kan gje mindre effektiv utnytting av personalressursar og ofte høgare driftsutgifter.

7.2.2 Effektiviseringsgevinst

Drifta ved skulane er i dagens struktur kostbar, og det vil i realiteten truleg vera rom for ei større innsparing enn den som er estimert i tabellen over.

Det er utøvd skjøn i estimeringa av innsparingane, men alle prinsippa i dagens budsjettmodell er vidareført. Samla sett er estimerte innsparingar truleg rekna forsiktig, og framlegget til skule- og tilbodsstruktur vil kunne gje eit større handlingsrom i skuleøkonomien enn utrekningane skulle tilseie.

Det er ikkje rekna på kva kostnader som eventuelt ligg i gjennomføringa av omstillingar blant dei tilsette som følgje av strukturendringar.

For å kunne samanlikne driftskostnadene uavhengig av dimensjonering i alternativa er det rekna med ein gjennomsnittleg driftskostnad pr. elev i dagens struktur og i framlegget til ny struktur.

Gjennomsnittleg driftskostnad pr elev	Beløp
Opphavleg budsjett 2015	116 500 kr
Framlegg til ny struktur	109 000 kr
Skilnad	7 500 kr
<i>Estimert innsparingspotensiale (elevtal 2015)</i>	<i>125,5 mill kr</i>

Tabell 7.2.2 Gjennomsnittleg driftskostnad pr elev

Med utgangspunkt i endra gjennomsnittkostnad pr. elev finn ein indikasjon på stordriftsfordelar. Ny struktur vil kunne gje ytterlegare innsparingar utover innsparingane vist i tabell 7.2.1 Dette gjev eit potensiale for ytterlegare innsparingar på inntil 39,3 mill. kr pr. år (stordriftsfordelar).

Estimert samla innsparing	Beløp
Totalt innsparingspotensiale basert på gj.snittkostnad	125,5 mill kr
➤ <i>Innsparing driftskostnader ihht tabell 7.2</i>	<i>86,2 mill kr</i>
➤ <i>Stordriftsfordelar</i>	<i>39,3 mill kr</i>

Tabell 7.2.3 Estimert samla innsparing

8

Gjennomføring

Den tilrådde skulestrukturen byggjer på kapasitetsbehovet i 2030 slik prognosen viser det vil vere. Basert på dette behovet, eit tilrådd investeringsnivå, kvaliteten i bygningsmassen og eventuelle lokale bindingar er det utarbeidd ein gjennomføringsplan og prioritering av investeringane. For eldre skular som ikkje er nemnt i denne gjennomføringsplanen, er det føreset at det berre skal gjennomførast avgrensa rehabiliteringar eller ombyggingar i perioden.

Tabellen under viser når investeringane er planlagt gjennomført for dei enkelte skulane og dermed framdrifta. Det er som hovudregel rekna med fem års gjennomføringstid for nybygg fordelt på 3 år med programmering, forprosjekt, regulering og byggjesøknader og 2 år med bygging. For rehabiliteringsprosjekt er det rekna 4 år fordelt på 2,5 år med programmering, forprosjekt, regulering og byggjesøknader og 1,5 år bygging. For nye skular som skal etablerast i område der fylkeskommunen ikkje eig tomta i dag, må det påreknast ytterlegare 1-2 år frå vedtak om bygging til nytt skulebygg er klart.

Tabellen på neste side viser kva for tiltak som er planlagt ved den enkelte skule, når tiltaket er tenkt starta opp, og når det er planlagt å vere ferdigstilt.

Når det gjeld oversikt over investeringskostnader for den enkelte skule i tabellen, vert det vist til vedlegg 5, Investeringsplan.

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Nye Voss gymnas	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2017
Tertnes vgs	Gjennomføring av vedtatt programering		2018
Bergen Katedralskole	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2018
Nye Åsane vgs	Vedtatt i skulebruksplan 2012. Areal i dag inkludert bygg på Lønborg. Nytt arealtal frå investeringsbudsjett		2020
Nye Åsane vgs	Nye Åsane vgs, utvida tilbod. Vaksenopplæring, fengselsundervisning, utleieareal kulturhus og endring for RM		2020
Odda vgs	Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjektet frå 2017. Totalkost 115mill. 35 mill gjennom post for større vedlikehald i 2016		2018
Etne vgs	Kommune overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal selges 2017	2017	
Hjeltnes	Usikker bruk. Ingen investering eller salgsgevinst teke med	2017	
Laksevåg vgs, A-bygget	A-bygget kan seljast, men salgsgevinst medtas ikkje då funksjonar må flyttes til B-bygget	2018	
Austrheim vgs	Seljast 2 år før nedlagt	2020	
Lønborg vgs	Seljast 2 år før nedlagt	2020	
Olsvikåsen	Blir behaldt dersom SF og A-bygget ved Laksevåg blir lagt ned		
Askøy vgs	Delvis rehabilitering av 50%. Utvides 20%		2022
Langhaugen skole	Nytt bygg for kroppsøving og musikk. 2000m2		2022
Slåtthaug	Delvis rehabilitering av 70% av arealet		2023
Årstad vgs	Invendig rehabilitering av C-bygget. Totalareal på Årstad vgs 32043m2		2025
Fitjar	Seljast 2 år før nedlagt	2022	
Rubbestadneset	Seljast 2 år før nedlagt	2022	
Stord vgs, Vabakken	Eksisterande verkstader rehabiliteres og utvides. Klasseromsbygg får ein delvis rehabilitering. FEF-areal		2022
Stord vgs, Saghaugen	Avgrensa tiltak i samband med samanslåing		2022
Sotra vgs, Bildøy	Seljast 2 år før nedlagt	2024	
Sotra vgs, Sund	Seljast 2 år før nedlagt	2024	
Nye Sotra vgs	Etablera ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy. FEF-areal		2024
Knarvik vgs, Kvernhusmyrane	Seljast 2 år før nedlagt	2026	
Knarvik vgs, Juvikstølen	Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane. FEF-areal		2026
Nordheimsund vgs	Seljast 2 år før nedlagt	2026	
Øystese gymnas	Seljast 2 år før nedlagt	2026	
Nye Kvam vgs	Ny skule, FEF-areal		2026
Arna vgs	Seljast 2 år før nedlagt	2017	
Garnes vgs, Tunes	Avviklast innan 2016 og seljast	2017	
Garnes vgs, Garneshøgda	Seljast 2 år før nedlagt	2027	
Nye Arna vgs	Ny skule, FEF-areal		2027

Vedlegg

1. Kartleggingsrapport skule- og tilbudsstruktur
2. Kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregåande opplæring
3. AUD-rapport nr. 3-16
Reisetid og skulestruktur i Hordaland - ein geografisk analyse
4. Prognosetabellar
Hordaland fylkeskommune prognosar 2016-2030
5. Investeringsplan 2017-2030
6. Kart over dagens skulestruktur for vidaregåande skular, skuleåret 2015/16
7. Faktaark skulane

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.